Dispensasjons- og delesøknad for frådelling av 4 bustadtomter frå gnr. 40 bnr. 24 er begge datert 17.03.2015. Dei omsøkte tomtene, som i storleik varierar frå om lag 750 m² til om lag 1700 m², ligg i all hovudsak innanfor eit område som i kommuneplanen er avsett til bustadformål med plankrav. Ein mindre del av eine tomta grip imidlertid inn i eit område avsett til naustformål. Tiltaket krev såleis, slik det også går fram av søknaden, dispensasjon frå både plankrav og arealformål i kommuneplanen samt frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Søknaden/tiltaket har vore nabovarsla på vanleg måte utan at det har kome inn merknader til saka. Dispensasjonssøknaden vart sendt på høyring med brev av 25.03.2015. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 07.05.2015

I uttalen ber Fylkesmannen om at tomta (tomt 1) som grip inn i naustområdet bør trekkjast noko lenger bort frå sjøen slik at ein sikrar ein ferdselskorridor i strandsona. Ut over dette må det i følgje Fylkesmannen takast omsyn til framtidig stormflo og havnivåstigning og det vert i denne samanheng vist til kommunen si ROS-analyse der det er tilrådd eit minimumsnivå for nye bustader på NGO kote 3.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 15.04.2015

Fylkeskommunen har, med tilvising til synfaring i området den 09.04.2015, ingen merknad til dispensasjonen/frådellinga.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg, slik også nemnt innleiingsvis, innanfor område som i kommuneplanen for Herøy er avsett til bustadområde/naustområde med plankrav. Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon både frå plankravet og arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Sidan tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet i strandsona vil det også vere naudsynt med dispensasjon etter PBL § 1-8.

Med basis i uttalen frå Fylkesmannen har ein frå kommunen si side laga ein justert tomtedelingsplan som inneber at eine tomte (tomt 1) vert trekt om lag 6 meter tilbake frå sjøen i høve til opprinneleg søknad. Dette inneber at denne tomte og tomte bakanfor (tomt 2) vert noko redusert i storleik.

Etter gjennomført frådeling i tråd med ovannemnde vil restarealet til gnr. 40 bnr. 24 bestå av eit mindre område kring gamlehuset på bruket samt eit stripeareal med tilhøyrande hamn/flytebrygge langs sjøen.

Justert tomtedeling har vore oversendt søkjar for evt. kommentarar. I brevet vart det samstundes signalisert at omsynet til framtidig stormflo og havnivåstigning måtte ivaretakast. Søkjar har ved frammøte på rådhuset den 21.05.2015 stadfesta at saka kan fremjast på grunnlag av den justerte tomtedelinga.

Det omsøkte arealet ligg tett inntil ei etablert husklynge og småbåthamn og tiltaket vil på sett og vis vil innebere ei fortetting og komplettering av det aktuelle bustadområdet. Ved å trekke eine tomte noko tilbake frå sjøen vil også inngrepet i naustarealet verte redusert ein del og ein sikrar ein korridor langs sjøen, slik Fylkesmannen etterlyser i sin uttale.

Med bakgrunn i det justerte tomtedelingsforslaget meiner ein frå kommunen si side at dispensasjonen korkje tilsideset omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå eller omsyna til lova sitt formål.

Der vert elles vist til at ein i det aktuelle området ikkje har funne at det er gjort registreringar som ved evt. gjennomføring av tiltaket skulle innebere nokon fare for skade på naturmangfaldet og ein kan heller ikkje sjå konsekvensar ved tiltaket som samla sett skulle innebere noko uakseptabel belastning for økosystemet i nærområdet, jfr. naturmangfaldslova §§ 8 og 10.

Rådmannen konkluderar såleis med å tilrå dispensasjon basert på justert tomtedelingsforslag og at det vert stilt som vilkår for dispensasjonen at minimumsnivået for nye bustader i området vert sett til NGO kote 3.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Det aktuelle tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Konsekvensar for økonomi:

Tiltaket har ingen økonomiske konsekvensar.

Fosnavåg, 21.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

40

Bnr.

24

Festnr.

Kort omtale av tiltaket:

Frådeling 4 parsellar

der del av eine tomte ligg i
naust område

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Dispensasjon frå arealformål og
plan krav i kommuneplanen
Dispensasjon frå dele og bysseforbodet
i 100-metersbeltet i strandson

Grunngjeving:

SER FOR MEG Å BYGGE NYTT HUS PÅ PARSELL
1. DE 3 ANDRE PARSELLENE ER TILTENKT
MINE 3 BARN (ERIN, FELIX ALEXANDER
OG VILMA).

Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

RUBEN BAUNE

Adresse

Postnr.

6070

Postadr.

TJØRVÅG

Telefon

93286929

Mobiltlf.

93286929

Dato:

17.3.15

signatur

Skriv ut

(N)

Søknad om deling eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

19 MARS 2015

Ark kode P
Ark kode S
J nr
Kassasjon

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkoleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar) |
|------|------|------|----------|--------------------------------------|
| 40 | 24 | | | |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar) |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |

3a. Søknaden gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning av:
- Ny grunneigedom
- Anleggseigedom
- Anna: (spesifiser) _____
- Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring*)
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punktteste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)
- Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)
- Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. §31)
- Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr. § 32)
- Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

| Parsell nr: | Areal (ca areal) | Formål (bustad, fritid, næring, anna) | Sjølvstendig brukseining | Tilleggsparsell | Tilleggsparsell til gnr/bnr. |
|-------------|------------------|---------------------------------------|-------------------------------------|--------------------------|------------------------------|
| 1 | 1690.5 | m ² BUSTAD | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 2 | 832 | m ² BUSTAD | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 3 | 752.5 | m ² BUSTAD | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 4 | ca. 1000 | m ² BUSTAD | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 5 | | m ² | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 6 | | m ² | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |

5. Arealdisponering

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m **Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette**

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggast ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimshavar/revkirentliste

Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)


Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimshavar/revkirent

Dato 17/3/15 Revkirenten sitt namn (med blokkbokstavar) RUBEN BAKKE

Revkirenten si underskrift 

Adresse NAUTOYA 88

Postnr./stad 6070 TJØRVÅG


E-postadresse ruben.bakke@hotmail.com

Telefon 93286929

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av


Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt revkirent)

Dato 17.3.15 Betalar sitt namn med blokkbokstavar RUBEN BAKKE

Betalar si underskrift 

Postnr./stad 6070 TJØRVÅG

TOT: 4637.3 m²







Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| | |
|----------------------------|---------------------|
| HERØY KOMMUNE RADMANNEN | |
| 2015/454 | Saksbehandler He |
| 13 MAI 2015 | |
| Ark.kode P | 40/24 |
| Ark.kode S | |
| J. nr. | Dok. nr. 4 |
| Klassasjon | |

Herøy kommune
Frådeling av bustadtomter gnr40 bnr24 - Ruben Bakke
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Bortsett frå tomt nr. 1, er det aktuelle området avsett til bustadføremål i kommuneplanen. Denne tomte grip inn i område avsett til naust, og går dessutan heilt ned til sjøen. Bustadtomter privatiserer strandsona på ein heilt annan måte enn naust gjer, og dersom tomte går heilt ned til sjøen vil det kunne skape konflikter og hindre fri ferdsel langsmed strandkanten. For å sikre at det skal vere mogleg å ferdast langs sjøen, bør tomte trekkjast noko lenger opp.

Samfunnstryggleik

Området ein ynskjer dispensasjon for ligg nær sjø, og spesielt forslag til tomt 1 kan vere utsett for havnivåstiging og stormflo. Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn, eller opprette eller endre eigedom, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Vidare står det i byggeteknisk forskrift (TEK10) § 7-1 at byggverk skal plasserast, prosjekterast og utførast slik at det bli oppnådd tilfredsstillande tryggleik mot skade eller vesentleg ulempe frå naturpåkjenningar. Kva tryggleikskrav som gjeld for stormflo står i TEK10 § 7-2.

Føremålet vil etter Fylkesmannen si vurdering kome under tryggleiksklasse F2. Dette betyr at byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot stormflo slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/200. Vi viser til Herøy sin ROS-analyse som vart utarbeidd i samband med kommuneplanen sin arealdel. I analysen vart det tilrådd at minimumsnivået for ny bustad vert sett til NGO kote 3.

Kommunen må sørge for at området det blir søkt om dispensasjon for tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK10. Vi tilrår at kommunen sett krav til at bygg ikkje kan plasserast lågare enn tre meter over havet.

Konklusjon

Vi ber om at tomt nr. 1 trekkjast noko unna sjøen for å sikre ein ferdselskorridor. Vidare må kommunen sikre at tryggleikskrava i TEK10 blir oppfylde, og også set krav til at bygg ikkje kan plasserast lågare enn tre meter over havet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik:

Renate Frøyen, tlf.71 25 84 15

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde
Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fra: postmottak [postmottak@heroy.kommune.no]

Sendt: 15. april 2015 16:04

Til: Arkiv

Emne: VS: Herøy kommune - frådeling av bustadtomter gbnr 40/24 - Ruben Bakke - dispensasjon frå kommuneplan - kulturminnefagleg uttale

Helsing

HERØY KOMMUNE

postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: kristoffer.dahle@mr fylke.no [mailto:kristoffer.dahle@mr fylke.no]

Sendt: 15. april 2015 14:39


Til: postmottak

Emne: Herøy kommune - frådeling av bustadtomter gbnr 40/24 - Ruben Bakke - dispensasjon frå kommuneplan - kulturminnefagleg uttale

Vi gjennomførte ei rask synfaring av tomta den 9.4.2015, og har på bakgrunn av dette ingen merknad til frådelinga.

med vennleg helsing

Kristoffer Dahle



**JUSTERT
FORSLAG TIL
TOMTEDELING**

HERØY KOMMUNE

24.03.2015 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet

0 10 20 30 40 m



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|--------|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | MARVOL | Arkivsaknr: | 2015/315 |
| | | Arkiv: | 31/2 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 49/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |

TØMRER PROSJEKT AS 31/2 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REKKJEFØLGEKRAVET OM BYGGING AV GANGVEG LANGS FV654 I REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3 - OPPFØRING AV 4 FIREMANNSBUSTADAR

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev **ikkje** dispensasjon frå rekkjefølgekravet om bygging av gangveg langs FV654 i reguleringsplan 1515201405 Hjelmeset 3, i samband med søknad om bygging av fire firemannsbustadar på gnr 31 bnr 2, jfr plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2.

Grunngjeving:

Ein dispensasjon frå rekkjefølgekravet i føresegnene til reguleringsplan for Hjelmeset 3 § 10.1, vil vesentleg tilsidesetje omsynet bak regelen det dispenserast frå, jfr pbl § 19-2 andre ledd fyrste punktum.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Tømrer Service AS, Røysbakken 5, 6100 Volda

Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6404 Molde

Anlegg- og driftavdelinga, her

Vedlegg:

- 1 Plankart
- 2 Føresegner
- 4 byggesak.pdf
- 5 Redegjorelse_-_andre_natur-_og_miljoforhold.pdf
- 6 Uttalelse_fra_offentlig_myndighet.pdf
- 7 Uttalelse_fra_offentlig_myndighet2.pdf
- 8 Situasjonsplan.pdf
- 9 Situasjonskart3.pdf
- 10 Tegning_ny_snitt.pdf
- 11 Situasjonskart2.pdf
- 12 Tegning_ny_snitt2.pdf
- 13 Situasjonsplan2.pdf
- 14 Lengdeprofil gangveg
- 15 Tegning_ny_fasade.pdf
- 15 Tegning_ny_fasade5.pdf
- 16 Redegjorelse_-_estetikk.pdf
- 17 Annet.pdf
- 18 Nabomerknader2.pdf
- 19 Nabomerknader.pdf
- 20 Tømrer Prosjekt AS 31/2 tiltak 4 4-mannsbustader - uttale
- 21 Uttale
- 22 Merknader
- 23 Herøy kommune - krav til gangveg langs Fv 654 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

Saksopplysningar:

Tømrer Service AS, eigar av gnr 31 bnr 2, søker om rammeløyve og dispensasjon frå rekkjefølgekravet i gjeldande reguleringsplan 1515201405 Hjelmset 3 , jfr reguleringsføresegnene § 10.1.

«Gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrslø mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygd før bustadane på områda BK 3 og BB kan takast i bruk.»

Det vert søkt dispensasjon frå rekkjefølgekravet om at gangveg inkludert fotgjengarovergang skal vere ferdigstilt før det kan flyttast inn i nye bustader i området. Den planlagde gangvegen det her blir vist til, strekk seg utover planområdet for Hjelmset 3 og omfattar også regulert gangveg i planane Gang- og sykkelveg Hjelmset ID201206 og Reguleringsplan for Verket ID201278.

Utbyggjar opplyser at dei vil ta på seg bygging av delar av gangvegen. Den går frå Nedre Hjelmsetveg og til avkøyrslø til tomte BK3, inklusiv busshaldeplass. Vegen vil bli bygd i vanleg gangvegstandard og vil bli overlevert/skøyta over til Møre og Romsdal Fylkeskommune/Statens Vegvesen når vegen er ferdigstilt og før innflytting i nye bustadar i området.

Kommunen har motteke komplett søknad om rammeløyve etter plan- og bygningslova. Søkjar har lagt ved dokumentasjon om at det er gitt dispensasjon frå

Kulturminnelova § 10 for gjennomføring av arkeologiske utgravingar, og det er inngått dialog med Riksantikvaren/Bergen museum. Utgravinga er utgreia og prisa, og ein avventar nærare avtale før denne kan utførast, jfr brev datert 17.12.2014. Utbyggjar ønskjer ikkje å gå vidare med utgravinga før ein har fått stadfesta at ein får innvilga dispensasjon frå rekkjefølgekrava vedkomande gangvegen.

Søklar si grunngeving for dispensasjon:

Søklar argumenterer med at denne utbygginga vil føre til at 8 eksisterande bustader og 16 nye bustader i området vil få gangveg og trafikksikker kryssing av Buholmvegen og Mjølstadnesvegen, noko som vil vere vesentleg betre enn dagens situasjon utan gangveg og fotgjengarovergang. Vidare vert det vist til at gangvegen som ikkje bli bygd, frå avkøyrsløse og vidare til avkøyrsløse frå Verket, vil vere av mindre betydning for dei som bur i området samt for dei nye bustadane. Søklar viser her til at generelle gang- og sykkelretningar vil vere vestover til rundkøyring over ny gangveg/gangfelt, og vidare opp gangvegen på andre sida av Buholmvegen/Mjølstadnesvegen.

Frå søklar vert det hevda at vilkåra for å kunne gi dispensasjon vil vere oppfylt i denne saka. Søklar hevdar at utbygginga vil ha klare fordelar i høve helse, miljø og tryggleik samt trafikktryggleik, enn om det ikkje vert utført. Om ei utbygging ikkje vert utført så vil der verken vere gangveg eller sikker fotgjengarovergang for dei som bur i området frå før. Ved ei utbygging så vil ein kunne sikre desse føresetnadane for mjuke trafikkantar.

Søklar viser til at det er mangel på tomter og små enkle rimelege bustader på Bergsøya. Bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dei delar av rekkjefølgebestemmelsar det her søkjast om dispensasjon frå. Søklar hevdar å ikkje kunne sjå at bestemmelsar, eller lovens føremålsbestemmelsar vert vesentleg tilsidesett, og ei utbygging med det som følgjer av framskunding på deler av gang- og sykkelveg med kanskje opptil 10 år, vil ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Saka har vore sendt til regionale instansar for uttale. Følgjande merknadar har kome inn:

Anlegg- og driftsavdelinga, dato 06.05.2015:

«Anleggs- og driftsavdelinga ser positivt på at det vert bygd gang- og sykkelveg langs fylkesvegen på det aktuelle strekket. Ein er imidlertid tvilande til at gang- og sykkelvegen ikkje vert bygd heilt fram til krysset med vegen til Verket. Vert det gitt dispensasjon til ei delutbygging av gang- og sykkelvegen som omsøkt må det i alle fall sørgjast for ei oppmerka kryssing av fylkesvegen der den endar. Det må då også sørgjast for god belysning slik at kryssinga vert tryggast mogleg.»

Statens Vegvesen Region Midt, dato 05.05.2015:

Statens vegvesen viser til at Herøy kommune tidlegare har dispensert frå rekkjefølgjekravet i samband med oppføring av bustader på området BB i reguleringsplanen. Dispensasjonen den gang vart gjeven med vilkår om bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen på strekinga Mjølstadnesvegen (fv. 17) – busslomma ved Hjelmesetvegen, jfr MTK-sak 60/14. Statens vegvesen viser så til den vurderinga som vart gjort frå Rådmannen med tanke på ei vidare utbygging aust

for området: «Rådmannen ser det som både relevant og naudsynt at utbygging innanfor tilgrensande områder lenger aust, kan bli møtt med krav om bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, slik ein på sikt og som konsekvens av ei samla utbygging, vil oppnå ein samanhengande gang- og sykkelveg i dette området.»

Statens vegvesen skriv så si vurdering i denne saka: «Slik dei trafikale tilhøva er på den aktuelle strekninga av fylkesvegen 654, er det ikkje tilrådeleg med etablering av bustadar som omsøkt før heile gang og sykkelvegsløysinga er på plass i samsvar med kravet i reguleringsplanen. På den andre sida ser vi at realiseringa av ei redusert vegløysing i tråd med søknaden vil kunne vere positivt for ein del av den eksisterande busetnaden på sørsida av fylkesvegen.

Ein eventuell dispensasjon som omsøkt, med ei redusert utbygging av gang- og sykkelvegstrekinga, må baserast på vilkår om at det vert oppretta ein detaljert avtale mellom utbygger og Vegvesenet. Gjennom ein slik avtale må det mellom partane avklarast gjennom skriftleg avtale forhold i høve til kvalitet, standard, utforming, gjennomføring, kontroll/tilsyn, overtaking m.m. på gang- og sykkelvegen med tilhøyrande anlegg.

Statens vegvesen rår etter dette til at gang- og sykkelvegsløysing i si heilheit vert bygd i samsvar med rekkjefølgjekravet nedfelt i reguleringsplanen for Hjelmeset 3.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, dato 12.05.2015:

«Trygg ferdsle i trafikken er svært viktig ikkje minst for barn og unge. Vi ser at den delen av gang- og sykkelvegen som uansett blir bygd, vil betre tilhøva for dei 8 eksisterande bustadane i området. Likevel vil dei nye 16 bueiningane bety at det blir mykje meir folk i området, og behovet for ein gjennomgåande gang- og sykkelveg vil auke. Dersom vegen ikkje blir bygd i tråd med føresegnene for reguleringsplanen, er det høgst uvisst når den kjem på plass.» Fylkesmannen i Møre og Romsdal konkluderer slik: «Med heimel i rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, vil Fylkesmannen vurdere å klage på eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak.»

Møre og Romsdal fylkeskommune, dato 19.05.2015:

«Vi har ingen innvending mot at det vert gjeve dispensasjon ut frå kulturminneomsyn, men presiserer at det skal gjennomførast arkeologisk utgraving før iverksetjing av alle tiltak i samsvar med reguleringsplanen, jf § 9.4 i føresegnene, og at det skal takast kontakt med oss i god tid før gjennomføring. [...] Vi har ikkje andre merknader.»

Vurdering og konklusjon:

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon finn ein i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2. Spørsmålet om dispensasjon er todelt. Første vilkår for å kunne gi dispensasjon er at omsynet bak bestemmelsen det dispenserast frå ikkje vert vesentleg tilsidesett, jfr pbl § 19-2 andre ledd fyrste punktum.

Andre vilkår som også må vere oppfylt, er at fordelene ved ein dispensasjon må vere klart større enn ulempene, jfr pbl § 19-2 andre ledd andre punktum.

Første spørsmål er om vilkåret bak § 10.1 vert vesentleg tilsidesett.

Omsynet bak rekkjefølgebestemmelsen er i hovudsak å etablere tilfredsstillande trafikktryggleik for nye og eksisterande bustadar ved ei vesentleg utbygging av området.

Det vert hevda frå søkjar si side at den delen av gangvegen som ikkje blir bygd, frå avkøyrslé BK 3 og vidare til avkøyrslé frå Verket, vil vere av mindre betydning for dei som bur i området samt for dei nye bustadane. Søkjar viser til at generelle gang- og sykkelretningar vil vere vestover til rundkøyring over ny gangveg/gangfelt, og vidare opp gangvegen på andre sida av Buholmvegen/Mjølstadnesvegen.

Administrasjonen er ikkje eining i dette. Ein ser det som meir naturleg at den generelle gang- og sykkelretning vil verte austover mot avkøyrslé til Borgarhaugvegen for å fylgje gang- og sykkelveg heilt fram til barne- og ungdomsskulane. Ein viser til at dersom gang- og sykkelvegen vert bygd ut i samsvar med reguleringsplan for området, så vil både eksisterande bustadar og dei nye bustadane ha trygg og sikker veg med gang og sykkelveg heilt fram til barne- og ungdomsskulane på Bergsøy. Dersom gang- og sykkelvegen kun vert delvis utbygd slik det er søkt om, vil ein ikkje få etablert ein like trygg og sikker skuleveg.

Den løysinga som er omsøkt vil vere ei uanturleg avslutning av gangvegen. Ein ser det som svært viktig at barn og unge skal kunne få ein trygg veg frå heim til skule. Grusholvegen er ikkje eit tilfredsstillande alternativ i så måte.

Etablering av 16 nye leiligheiter vil medføre ei stor auke i befolkninga på området. Det er i tillegg gitt løyve til oppføring av ei bustadblokk med 16 bueingar på gnr 31 bnr 4 like ved. Mange av desse 32 nye bustadane vil truleg bestå av barnefamilier som skal gå/sykle til skulen. Det vil då vere svært viktig med ein trygg og sikker veg med gangveg og belysning heilt fram.

Ein ser problemet for søkjar med tanke på at det vil medføre ei fordyring av prosjekter, men ein kan ikkje la ei eventuell meirutgift for utbygger kan tilsidesette omsynet til trafikktryggleiken på området, særleg med tanke på den store auka i befolkning tiltaket vil medføre.

Det framstår som klart for administrasjonen at omsynet bak rekkjefølgekravet i dette høvet vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon.

Konklusjonen er at omsynet vert vesentleg tilsidesett, og at vilkåret for dispensasjon ikkje er oppfylt, jfr bpl § 19-2 andre ledd fyrste punktum.

Vilkår for dispensasjon er soleis ikkje oppfylt i dette høvet. Ein vil likevel sjå på spørsmålet om fordelane ved ein dispensasjon er klart større enn ulempene, for å gjere saka så godt opplyst som mogleg.

Subsidiært vert spørsmålet om fordelane ved dispensasjonen vil vere klart større enn ulempene i dette høvet.

Søkjar viser til at det er mangel på tomter og små enkle rimelege bustader på Bergsøya. Bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dei delar av rekkjefølgebestemmelsar det her søkjast om dispensasjon frå. Søkjar hevdar å ikkje kunne sjå at bestemmelsar eller lovens føremålsbestemmelsar vert vesentleg

tilsidesett, og viser til at ei utbygging med det som følgjer av framskunding på deler av gang- og sykkelveg med kanskje opptil 10 år, vil ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Administrasjonen er ikkje samd i at bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dispensasjon frå rekkjefølgjekrava i § 10.1, då det er tale om trafikktryggleik både for dei bygningane som allereie er etablert på området, og for 16 (+16) nye bueiningar. Det er klart at dei nye bustadane som allereie er etablert på området vil få ein fordel av at kun delar av gangvegen vert utbygd, mot at ein ikkje bygger gangveg i det heile. Det er imidlertid ein klart større fordel om gang- og sykkelvegen byggast i samsvar med dei rekkjefølgjekrava som vert stilt då ein etablerer ei tryggare trafikkløysing for dei mjuke trafikkantane.

Dersom ein gir dispensasjon for bygging av kun deler av gang- og sykkelveg igjen, vil det vere usikkert når ein eventuelt vil få utbygd resten av gang- og sykkelvegen då gangveg per dags dato ikkje er inne i budsjett- og prioriteringar i perioden 2013-2023, jfr brev frå Statens Vegvesen til søkjar datert 24.01.2014. Ved ein dispensasjon frå rekkjefølgjekravet vil ein ikkje kunne vite når ei eventuell vidare utbygging av gang- og sykkelveg vil kome. Det vil få store konsekvensar for dei nye bustadane som skal ha trygg veg heilt fram til skulane. Det er tale om ei så står auke i folkemengd på området, at det ikkje vil vere forsvarleg om ein ikkje stiller krav om full utbygging av gang- og sykkelveg.

Det framstår som klart at det ikkje er større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon i dette høvet, jfr pbl § 19-2 andre ledd andre punktum.

Etter ei samla vurdering kan ein ikkje tilrå at det vert gjeve dispensasjon i dette høvet, då omsynet bak rekkjefølgjekravet i reguleringsplanen vert vesentleg tilsidesett, i tillegg til at det er klart større fordelar ved ei heilheitleg utbygging av gang- og sykkelveg enn ved bygging av kun delar av den.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsplan 1515201405 § 10.1, med krav om at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen og avkøyrsløse mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på område BK3 kan takast i bruk.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:


Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 08.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund



TEIKNFORKLARING

- BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)**
- Boligbyggelse - fritliggende småhusbebyggelse
 - Boligbyggelse - blokkbebyggelse
 - Boligbyggelse - konsentrert småhusbebyggelse
 - Lekeplass

- SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)**
- Veg
 - Kjørveg
 - Parkering
 - Gangsykkelveg
 - Annen veggrunn - grønntareal

- LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §12-5 NR.5)**
- Landbruks-, natur-, og friluftsområder samt reindrift

- HENSYNSSONER (PBL §12-6)**
- Sikringsone - Friskt
 - Støysone - Rødt sone iht. T-1442
 - Støysone - Gul sone iht. T-1442
 - Angittensynsone - Bevaring kulturmiljø
 - Båndlegging eller lov om kulturmiljø

- Juridiske linjer og punkt**
- Planens begrensning
 - Formålsgrensning
 - Sikringsonegrensning
 - Støysonegrensning
 - Angittensynsgrensning
 - Båndleggingsgrensning næværende
 - Bestemmelsesgrensning
 - Friskilingslinje
 - Byggegrensning
 - Byggelse som inngår i planen
 - Regulert sentertørning
 - Regulert kant kjørebane
 - Regulert foilgangfelt
 - Regulert støyskjerm
 - Målelinje/Avslandslinje
 - Avkjørsel

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geocinet AS
 Basis kartet er tegnet med svak gråfarge

Dato for basiskart: UTM sone 32 / Euro89
 Ekvilidstans 1 meter

Høydegrunnlag: NN 1954
 Kartmålestokk 1000

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3
Hjelmeseth 3

Høy kommune
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Kartprodusent:
 Tegra AS

Arealplan-ID:
 201405

Forslagstiller:
 Tegra AS

| Revisjon av plankart | DATE | SIGN. |
|--|----------|-------|
| A: Endring av planområdet if. krav frå kulturvernet | 30.10.12 | AF |
| B: Endring av grensene for kulturmiljø ID 144389 og 144381 | 15.1.13 | AF |
| C: Endring av plankart som følgje av oppheva plan | 2.9.14 | BSS |
| D: | | |
| E: | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA | SAK | DATE | SIGN. |
|---|----------|----------|-------|
| Kommunesbyrets vedtak: | | | |
| Formannskapet - handsaming etter oppheva vedtak. Oversending til k styret | 15/14 | 30.10.14 | BSS |
| Avgreinta høring etter oppheva vedtak - fylkesmannen i Mørn og Romsdal | 17/14 | 21.10.14 | BSS |
| Kommunesbyrets vedtak: | 28/13 | 28.2.13 | BSS |
| 2. gangs behandling i Formannskapet | 45/13 | 19.2.13 | BSS |
| Offentlig ettersyn fra 9.5.2011 til 20.6.2011 | | | |
| 1. gangs behandling i Formannskapet | 98/11 | 29.3.11 | HFR |
| Kurering av oppstart planarbeidet | | 29.1.10 | |
| PLANNR. TEGNNR. SAKSBEH. | | | |
| PLANEN UTARBEID AV: | Tegra AS | | BSS |

FØRESEGNER

REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3, GNR. 31 BNR. 2, 4 M.FL.

HERØY KOMMUNE

Reguleringsføresegnene er heimla i plan- og bygningslova § 12-7.

§ 1 GENERELT

- 1.1 Desse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som er bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter samt vedtekter til plan- og bygningslova, vedtekne av kommunestyret i Herøy.
- 1.3 Etter at reguleringsplanen er vedteken er det innan planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med føresegnene.
- 1.4 Området er regulert til følgjande formål:

Busetnad og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustadbebyggelse - frittliggande småhusbusetnad (BF)
- Bustadbebyggelse - konsentrert småhusbusetnad (BK)
- Bustadbebyggelse - blokkbebyggelse (BB)
- Leikeplass (L)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Parkering (P)
- Annan veggrunn – grøntareal (VAG)

Landbruks-, natur- og friluftformål (PBL § 12-5, nr. 5)

- Landbruks-, natur- og friluftsområde

Omsynssoner (PBL § 12-6, jf. PBL § 11.8)

- Omsynssone Støy
- Omsynssone Frisikt
- Omsynssone Kulturmiljø

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Busetnad og anlegg

- 2.1.1 Busetnad og anlegg skal plasserast innanfor viste byggegrenser i felta. Mindre utbygg som trapp, karnapp, balkong, takutstikk og liknande kan ligge utanfor byggegrensa.
- 2.1.2 Ved utrekning av tomteutnytting (BYA) skal rettleiar for "grad av utnytting" til tekniske forskrifter leggst til grunn.
- 2.1.3 Kommunen skal ved behandling av byggemeldingar godkjenne busetnaden si utforming, materialbehandling og tilstelling av ubebygd areal samt sjå til at bygningar i same felt får ei harmonisk og god utføring med omsyn til takvinklar, materialbruk m.m. Tilsvarende krav gjeld også for garasjar, uthus og liknande.
- 2.1.4 Det skal ikkje gjevast byggeløyve før det ligg føre ein godkjend, samla situasjonsplan/utomhusplan for kvart område og som viser busetnaden, tilkomst, parkering, gangvegar, stiar, leikeplassar samt terrengbehandling (eksisterande og ny koterings).
- 2.1.5 Som grenseverdiar for trafikkstøy for innandørs og utandørs bustadareal gjeld Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Ved byggemelding innanfor dei ulike delområda skal det dokumenterast tiltak mot støy som stettar desse krava. Skjermingstiltak i fasaden på nye hus skal utførast i samsvar med NS 8175 og T-1442. Er trafikksituasjonen på tilgrensande vegar endra etter at reguleringsplanen er godkjend så må det ved byggemelding vere utført ny støyutrekning og med tilhøyrande reviderte tiltak.

2.2 Parkering

- 2.2.1 For kvart husvære skal det setjast av 2 parkeringsplassar og der ein av desse plassane skal vere i garasje/carport. Garasjar/carportar kan ligge nærare veg enn byggegrensa viser dersom desse ligg inntil eller inngår som del av støyskjerminga for busetnaden. Kommunen si parkeringsvedtekt skal følgjast.

§ 3 FRITTLIGGANDE SMÅHUSBUSETNAD (BF 1, BF 2,)

- 3.1 I område for frittliggande småhusbusetnad kan det oppførast hus med inntil 2 einingar i kvart hus. Maks. tillate utnyttingsgrad (BYA) er 35%.
- 3.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga.
- 3.3 Ved byggemelding for bustadhus skal det på situasjonsplanen visast plassering av garasje/carport, sjølv om dette ikkje skal oppførast samtidig med bustaden. Garasjar skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 36 grader. Garasjane/carportane skal ikkje overstige 45 m² og det er ikkje tillate med innreidd loft eller med takvindaug på garasjar.

§ 4 KONSENTRERT SMÅHUSBUSETNAD (BK 1, BK 2, BK 3)

- 4.1 I område for konsentrert småhusbusetnad kan det oppførast bustadhus med inntil 4 einingar i kvart hus. På område BK 3 kan det oppførast maks. 16 husvære. Maks. tillate utnyttingsgrad (BYA) er 40 %.
- 4.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygning. Garasjar kan ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjane/carportane skal oppførast som fellesanlegg.
- 4.3 Ved utbygging av område BK 3 skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreducerande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasser slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk.

§ 5 BLOKKBEBYGGELSE (BB)

- 5.1 I område for blokkbebyggelse kan det oppførast rekkehus/lavblokk med inntil 17 husvære. Maks. tillate utnyttingsgrad (BYA) er 50%.
- 5.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjer med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga. Garasjer skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjene/carportane skal oppførast som fellesanlegg.

- 5.3 Ved utbygging av område BB skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654) og Mjølstadnesvegen (FV 17). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreducerande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasser slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk. Veranda på bustadbygget skal vende bort frå veg.

§ 6 LEIKEPLASSAR

- 6.1 Regulerte leikeplassar skal opparbeidast i samsvar med planen og tilsåast og beplantast slik at områda får ei tiltalende utforming. Areal ute i kvart einskildt område skal vere opparbeidd før busetnaden i feltet vert teke i bruk. Områda skal brukast til leik og det er berre tillate å setje opp utstyr eller anlegg som skal nyttast eller kan knytast til barneleik. Høge skjæringar og støttemurer skal sikrast med gjerde.
- 6.2 Leik 1 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BK 1 og BB. Det skal byggast støyskjerm mot Mjølstadnesvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk.
- 6.3 Leik 2 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BF 1, BF 2 og BK 2.
- 6.4 Leik 3 er felles for eigedomane som inngår i bustadområdet BK 3. Det skal byggast støyskjerming mot Buholmvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk. Området skal senkast til kote 5,5 og lukkast mot vegen med ein støyvoll på 1,5 m over planert terreng i kombinasjon med ein 1 m høg støyskjerm på toppen.

§ 7 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- 7.1 Køyreveg, gang- og sykkelveg, busslomme og avkøyrslar skal leggest som vist på planen. V1, V4 og V5 samt gang- og sykkelvegen skal vere offentleg veg. V2, V3 og V6 skal vere privat veg. Grøfter, skråningar og anna trafikkareal skal tilplantast eller behandlast på ein tiltalende måte.
- 7.2 I frisktsoner skal det ikkje vere sikthindringar i ei høgde på 0.5 m frå køyrebane. Det er ikkje tillate med beplanting og gjerde som hindrar fri sikt.

§ 8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMAL

- 8.1 Naturleg vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje lov gjere inngrep i grunnen som kan skade automatisk freda kulturminne.

§ 9 OMSYNSSONER

- 9.1 Areal innanfor omsynssoner for støy kan ikkje reknast som uteopphaldsareal.
- 9.2 Innanfor omsynssoner for frisikt skal det ikkje vere sikthindring i ei høgde over 0,5 meter frå køyrebane.
- 9.3 Bevaring kulturmiljø (H570) og bandlegging (H730) (pbl §12-6, jf. §11-8c og d) Innanfor området ligg automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 109888. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminner eller framkalla fare for at det kan skje.
- 9.4 For områda RpBg-ID144379 og RpBg-ID144380 gjeld følgjande:
Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen nordaust for nedre Hjelmeseth-vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei berørte automatisk freda kulturminna (id.nr 144379 og 144380) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

For område RpBg-ID144381 gjeld følgjande:

Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen sørvest for nedre Hjelmeseth vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det berørte automatisk freda kulturminnet (id.nr 144381) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

§ 10 REKKEFØLGJEBESTEMMELSESAR

- 10.1 Gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrsløp mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på områda BK 3 og BB kan takast i bruk.
- 10.2 Før iverksetjing av bustadbygging på områda BK3 og BB skal registrerte automatisk freda kulturminne nærare undersøkjast og gravast ut. På plankartet er desse merka RpBg med slike ID nr: RpBg144379, RpBg144380 og RpBg144381. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal Fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

Godkjent i kommunestyret 30.10.2014 (k-sak 135/14).

Herøy den 30 / 10 20 14



Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

| | | | | |
|-------------------------|------|------|------------------------|--------------------------|
| Kommune | Gnr. | Bnr. | Andre Gnr/bnr | Adresse |
| Herøy i Møre og Romsdal | 31 | 2 | 31/125, 123, 37 og 134 | Hjelmeset, 6091 FOSNAVÅG |

Tiltakets art

Søknadstype
Rammetillatelse

Tiltakstype
Nytt bygg - Boligformål Veg Parkeringsplass Vesentlig terrenginngrep Nytt anlegg/konstruksjon Grunneiendom

| | | | |
|-------------------|-------------|------------------|---------------------|
| Næringsgruppekode | Anleggstype | Bygningstypekode | Formål |
| X Bolig | veier | 136 | bolig garasje annet |

Beskrivelse av bruk
4stk 4 mann boliger med tilhørende carporter, vei, parkering, gangvei, va anlegg, terreng inngrep, støyskjerm, deling av grunneiendom, planering av hage.

Tiltakshaver

| | | | | |
|-----------|--------------------|--------------------------|---------------------|----------|
| Partstype | Navn | Adresse | Organisasjonsnummer | Telefon |
| foretak | TØMRER PROSJEKT AS | Røysbakken 5, 6100 VOLDA | 993407313 | 70055910 |

e-postadresse
henning@mesterhussunnmore.no

Ansvarlig søker

| | | | | |
|-------------------|---------------------|--------------------------|----------------|----------|
| Navn | Organisasjonsnummer | Adresse | Kontaktperson | Telefon |
| TØMRER SERVICE AS | 979837682 | Røysbakken 5, 6100 VOLDA | Henning Heltne | 93212702 |

Mobiltelefon
93212702

e-postadresse
henning@mesterhussunnmore.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall
2

Søkers vurdering av merknader
Der er ingen merknader men der er kommet inn 2 inspill frå Nabo Solveig D Hansen og Herøy kommune driftsavdeling på avkjørsel frå Fylkesvegen.
Merknaderer imøtekomme ved at avkjørsel utbedres i forbindelse med utnygginga slik at ho støtter kommunale retningslinjer til stigning.

Følgerevurdering

Det søkes om bygging av 4 stk 4 manns boliger med til sammen med 16 leiligheter. Dette er i trå med reguleringsplan Hjelmeset 3 med tilhørende carporter, vei, parkering, gangvei, va anlegg, terreng inngrep, støyskjerm, planering av hage.
Det søkes om deling av grunneiendom og oppretting av ny matrikkel.

Tiltaket vil omfatte eiendomer som tiltakshaver ikke er eigar av, men som det likevel må gjøres inngrep/bygging på for at forutsetninger i reguleringsplan skal bli stetta.

Tiltakshaver vil ta kontakt med grunneigarar i søknadsprosessen for avtaler om grunn/ grunnerverv.

For dispensasjon sjå egen beskrivelse.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Om en har spørsmål i høve nabovarsel/så vennligst ta kontakt med søker for mer informasjon.

Naboer Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkiskommune vil få Byggesaka tilsent på høyring frå Herøy Kommune når byggesøknaden er innsendt.

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Arealplaner

Begrunnelse for dispensasjon:

Det visast til Plan- og bygningslova § 19.1. og § 19.2. Det søkast om dispensasjon frå delar av reguleringsføresegn § 10.2. i Reguleringsplan Hjelmeset 3.

Det som ein søker dispensasjon i frå er bygging av gang- og sykkelveg mellom avkjørsel vei frå tomta, og avkjørsla ved Verket. (Sjå vedlagt oversiktskart)

Det er sendt brev til Møre og Romsdal fylkeskommune / Statens vegvesen med invitasjon og forslag til utbygging av gangveg og ønske om anleggsbidrag. Statens vegvesen har gitt tilbakemelding 24.01.14 og 11.12.14 (vedlagt byggesaka) der Statens vegvesen seier at gangveg ikke er inne i investeringsprogram 2014-2023, Dei ønsker ikke å være med å gi anleggsbidrag eller ingå evt. forskoteringsavtale av kostnader.

Gangvei må da utbygges i privat regi om en skal kunne bygge bustader på tomta.

Reguleringsplan Hjelmeset 3 er basert på Herøy kommune sin kommuneplan og er fremma som ein privat reguleringsplan. Ein privat reguleringsplan har ei gyldigheit på 5 år Jf. PBL§ 12-4, 5 ledd

Kommune og vegeigar har gitt tilslutning og medverkar til utarbeiding av ein slik reguleringsplan, og planen er godkjent. Grunneigar/ utbygger og dei som har vore med på planen må då kunne pårekne at ein bør få bygd ut tiltak i tråd med planen i løpet av fristen.

Det er urimeleg å krevje at denne eine byggetomta som bare er en liten del av alle tomter innanfor planen skal måtte bygge hele gang og sykkelvegen.

Utbygger søker derfor om å tilby bygging av gang og sykkelveg mellom Nedre Hjelmeset veg og avkjørsle til byggetomta. En søker om dispensasjon frå gangveg mellom tomteavkjørsel og avkjørsel "verket".

Vei mellom rundkjøringa og Nedre Hjelmesetveg med overgang er under bygging i en annen byggesak.

Utbyggjar vil ta på seg bygging av delar av gangvegen. Den går frå Nedre Hjelmesetveg og til avkjørsel til tomta BK3, inklusiv busshaldeplass. Vegen vil bli bygd i vanleg gangveg standard og vil bli overlevert/skøyta over til Møre og Romsdal Fylkeskommune/ statens vegvesen når vegen er ferdig og før innflytting i nye bustader.

Der må i søknadsprosessen og før det kan gis igangsettingsløyve på bygging av gangveien gjøres egen avtale med vegeigar på bygging og overtaking av denne gangveien.

Denne utbygginga vil føre til at 8 eksisterande bustader og 16 nye bustader i området vil få gangveg og trafiksikker kryssing av Buholmvegen og Mjølstadnes vegen, Dette er noko som vil vere vesentleg betre enn dagens situasjon utan gangveg og fotgjengarovergang.

Gangvegen som ikkje blir bygd, frå avkjørsle og vidare til avkjørsla frå "Verket" Vil vere av mindre betydning for dei som bur i området samt for dei nye bustadane. Den generelle gang- og sykkelretningar vil vere vestover til rundkjøring over ny gangveg/gangfelt, og vidare på gangvegen på andre sida av Buholmvegen/Mjølstadnesvegen.

Utbygginga vil ha klare fordelar i høve helse-, miljø og sikkerheit samt trafiksikkerheit, enn om den ikkje blir utført.

Om ei utbygging ikkje blir utført så vil der verken vere gangveg eller sikker fotgjengarovergang for dei som bur i området frå før. Ved ei utbygging så vil ein kunne sikre desse føresetnadane for mjuke trafikantar.

Det er mangel på tomter og små enkle rimelege bustader på Bergsøya. Bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dei delar av rekkefølgebestemmelser det her søkast om dispensasjon frå.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Ein kan ikkje sjå at bestemmelser, eller lovens føremålbestemmelser blir vesentleg tilsidesett, og ei utbygging med det som følgjer av framskunding, på deler av gang- og sykkelveg med kanskje opptil 10 år, vil ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan Navn på plan
Reguleringsplan Hjelmeset 3

Reguleringsformål
Konsentrert småhus, gangvei, annen veigrunn

Beregningsregel angitt i gjeldende plan Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA 40%

Tomtearealet

| | |
|---|------------------------|
| Byggeområde/grunneiendom | 3400,00 m ² |
| - Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler | 0,00 m ² |
| = Beregnet tomteareal | 3400,00 m ² |

Bebyggelsen

| | |
|---|------------------------|
| Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan | 1360,00 m ² |
| Areal eksisterende bebyggelse | 0,00 m ² |
| - Areal som skal rives | 0,00 m ² |
| + Areal ny bebyggelse | 1100,00 m ² |
| + Parkeringsareal | 240,00 m ² |
| = Sum areal | 1340,00 m ² |

Grad av utnytting

Beregnet grad av utnytting 39,41

Plassering av tiltaket

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Bucci Arkitektur & Design as, pb 21, 6067 Ulsteinvik
Sjøsida Eigedom as, Igesundvegen 20, 6090 Fosnavåg
Moen Eiendom as, pb 275, 6099 Fosnavåg
Igesund Invest as, Sjøsida Sameige, 6090 Fosnavåg
Nordmar Eigedom as, pb 88, 6099 Fosnavåg
Igesund as, 6090 Fosnavåg
Fosnavåg rederipark as, 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

- 01 - Søknad om rammeløyve, 19.01.2015
- 02 - Referat førehandskonferanse, 16.01.2015
- 03 - Merknad frå Moen Eiendom as, 12.01.2015
- 04 - Merknad frå Tor Igesund m fl, 12.01.2015
- 05 - Merknad frå Fosnavåg Rederipark as, 16.01.2015
- 06 - Brev ut for utfyllande opplysningar i saka, 26.02.2015
- 07 - Tilleggsopplysningar frå Moen Eiendom as
- 08 - Tilleggsopplysningar frå Fosnavåg Rederipark as
- 09 - Tilleggsopplysningar frå ansvarleg søkar
- 10 – Situasjonsplan
- 11 – Teikningar
- 12 - Reguleringsplan kart
- 13 - Føresegner til gjeldande plan

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Bucci arkitektur & Design as har på vegne av tiltakshavar Sjøside Eigedom as søkt om rammeløyve for tilbygg/påbygg på «Meny»-bygget, gnr 34, bnr 22 seksjon nr 5.

Søknad er innregistrert 19.01.2015 og omsøkt byggeprosjekt ligg innanfor reguleringsplan reguleringsendring for sjøside eigedom, planid 201289.

Det var i forkant av innsending avholdt førehandskonferanse jf referat datert, 05.01.2015.

I forbindelse med nabovarsling av rammeløyvesøknaden kom det inn 3 merknader:

Merknad nr 1 frå Moen Eiendom as av 12.01.2015

Utbygger har ikkje følgd vedtektene til sjøside sameige i prosessen. Varemottak/rampe på seksjon nr 6 og 9 er ikkje tatt med på teikningane til prosjektet. Trafikale utfordringar vil oppstå som følgje av omsøkt prosjekt. Mindre avvik på teikningar vedr eksisterande p-plassar og opprinneleg godkjente parkeringsplan.

Merknad nr 2 frå Tor Igesund av 12.01.2015 (merknaden repr. Igesund Invest as, Nordmar Eigedom as og Igesund as)

Sjøside sameige må godkjenne slike byggeplanar først og dette er ikkje blitt gjort i denne saka. Prosjektet vil kunne hindre ei framtidig samanbygging inn mot ny bydel i Fosnavåg. Store parkeringsutfordringar og tiltaket vil ta p-plassar frå seksjonseigarane. Peikar vidare på trafikale problem/utfordringar og at byggeprosjektet er ein arkitektonisk bom. Ønskjer ein reduksjon i prosjektet sitt omfang/ mindre utbygging.

Merknad nr 3 frå Fosnavåg Rederipark av 16.01.2015

Utbygginga er stor og ikkje i samsvar med sameiget sine avtalar. Tek utsikt og parkering frå seksjonseigarane. Vil ikkje godta p-areal mellom nytt bygg og lokalitetane til Fosnavåg Rederipark. I forbindelse med utbygging av nytt p-hus må dei gjerder og rekkverk som vart fjerna settast opp att. Plassering av heishus er ikkje akseptert og ein ser trafikale problemstillingar. Ei etasje med leiligheiter vil vere feil veg å gå i forhold til å vidareutvikle meir kontorareal. Utbygginga er for stor og vil medføre parkeringsutfordringar.

Desse merknadane var kommenterte av ansvarleg søkar i saka og lagt ved søknad om rammeløyve.

Herøy kommune, utviklingsavdelinga, gjekk gjennom det innkomne materialet og konkluderte med at før ein kan starte handsaminga av saka trengte ein meir utfyllande opplysningar både frå tiltakshavar/søkar og dei 3 som hadde kome med merknader. Det vart sendt ut eit felles skriv til alle, der dei fekk høve til å kome med utfyllande opplysningar i saka og svare på kommunens konkrete spørsmål knytt til forhold i rammeløyve søknad og merknadane knytt til rammeløyve jfr. brev datert 26.02.2015.

I etterkant av denne utsendinga av førebels svar kom det inn ytterlegare opplysningar og kommunen fekk avklart ein del av dei konkrete spørsmåla knytt til byggesaka/merknadane.

Den 24.03.2015 kom det siste etterspurde dokumentet inn på saka og saka var såleis klar for handsaming.

Grunna tiltakets sin plassering, som eit viktig signalbygg i Fosnavåg sentrum og graden av merknader og spørsmålet om privatrettslege forhold var i orden, vart det bestemt at saka skulle handsamast politisk. Dette vart tiltakshavar/søkar orientert om i tidleg fase av prosessen.

Ansvarleg søkar sine kommentarar til merknadane av 19.01.2015:

Søkar har i søknad om rammeløyve av 19.01.2015 også kommentert dei innkomne merknadane til saka:

Merknad nr 1 frå Moen Eigedom as:

Jon Robert målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
3. Trafikkavvikling

Jon Robert målber synspunkt rundt bruken av parkeringsplass nært opp til hovudinngangen til bustadane, samt utforminga av denne.

Vi minner om at både plassering av hovudinngang og omfanget av bustad-etablering er i direkte samsvar med reguleringsplan med vedtekter.

Den tilpasning vi har gjort for å tydeleggjere dette er minimal, og begrensar seg til ei blomsterkasse. Den er ikkje avgjerande for prosjektet dersom administrasjonen meiner den ikkje kan akseptere, men slik vi ser tilseier alle hensyn til mjuke trafikantar og tilgjenge for rørslehemma at det bør utformast slik.

Vi vil bemerke at den regulerte utforminga av parkeringsplassen skiller seg så lite frå dagens situasjon at ein kan stille spørsmål om den er gjennomtenkt.

Alle kantsteinar og lysmaster med tilhøyrande infrastruktur må gravast opp og gjenetablerast, i tillegg til den ulempe det medfører i byggetida for alle partar.

Vi kan ikkje sjå at vinsten står i rimeleg forhold til tapet i denne samanheng. Vi vil anmode administrasjonen å lempe på dette kravet til ein omforent plan er utarbeida. Kapasiteten er om lag uendra, så utbygginga vil ikkje avhenge av ei realisering av parkeringsplassen i.hht. gjeldande reguleringsplan.

Merknad nr 2 frå Tor Igesund:

Igesund Invest AS
Nordmar Eigedom AS
Igesund AS

Tor målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke. Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Unyttingsgrad, arealbruk m.m.
3. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
4. Trafikkavvikling

Tor målber synspunkt på arkitektur som det er opning for i denne samanheng og desse synspunkta deler ikkje vi.

Merknad nr 3 frå Fosnavåg Rederipark as:

Fosnavåg Rederipark AS

Paul Harald målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Parkering på tak mellom bygga
2. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
3. Utnyttingsgrad og etasjeantal (transparans)
4. Formål
5. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.

6. Trafikkavvikling

7. Øvrige sentrumsplanar omtala i Vestlandsnytt

Øvrige merknadar knytt til byggesaka:

Tilkomsten til parkeringsarealet på tak, breidde og plassering. Dette er illustrert på ein ideell oppdelt måte på takplanen. Partane vil når dette er godkjent kunne semjast rundt ei fordeling, samt kvar det skal settast opp gjerder/murar m.m. I utgangspunktet er slike stengsel unødige og vil berre vanskeleggjere snørydding, avrenning m.m.

Plassering av heis og trapp på taket av parkeringshuset er slik Paul Harald nemner ikkje ein del av eksisterande godkjende rammeløyve for parkeringshuset.

Det er likevel ei forbetring av både rømmingssituasjon i parkeringshuset og ein funksjonalitetsheving som vil lette bruken av parkeringshuset for brukarane som trass alt held til i dei to øverste etasjene i bygget. Dette er del av denne søknaden til sjølvstendig handsaming og ligg innanfor reguleringsplanen sine rammer både når det gjeld utnytting og formål.

Vurdering:

Sjøsida Eigedom as vil med dette prosjektet utvikle eigedomen gnr 34, bnr 22 seksjon nr 5 i tråd med den reguleringsprosessen som vart gjennomført fram mot godkjent plan 28.11.2013, godkjent av kommunestyret.

Sjøsida Eigedom as vil bygge på eksisterande bygg med ein andre etasje til kontor og ein tredje etasje til leilegheiter. Det er i forkant av denne byggesøknaden kjørt ein reguleringsprosess for det konkrete området/bygget. I den samanheng er alle berørte naboar og seksjonseigar fått kome med sine innspel i saka.

Reguleringsprosessen har følgd plan og bygningslova sin løype for slike prosessar. Alle merknader er tatt stilling til og kommenterte. Planen er politisk forankra gjennom å bli vedteken i kommunestyre. Det kom ingen klager på vedtak/godkjenning av planen og såleis var den eit juridisk bindande dokument. Det vert no søkt om tiltak opp mot dette dokumentet.

Ein viser vidare til § 3 i føresegnene til planen som seier at : «etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som strir med planen»

Med bakgrunn i godkjent reguleringsplan, avholdt førehandskonferanse, innsendt søknad og merknader, samt kommentarar til merknader, og utfyllande opplysningar frå dei berørte partane i saka kjem Herøy kommune med følgjande vurdering i saka.

For å kunne vurdere byggesaka har Herøy kommune sett på søknaden i lys av søknaden, merknadane og gjeldande reguleringsplan. Sentrale spørsmål som er tatt med i vurderinga er då:

1. Planprossesen
2. Privatrettslege forhold
3. Arealbruk
4. Parkering

5. Trafikkavvikling

1. Planprosess

Herøy kommune har altså i sakshandsaminga sett tilbake på planprosessen for aktuelt område og forarbeidet til gjeldande reguleringsplan. Prosessen har ingen avvik i forhold til plan og bygningslova sine retningslinjer for planarbeid. Alle berørte parter hadde høve til å kome med sine innspel og hadde også klagerett ved godkjenning. Kommunen har hatt god kjennskap til planane for vidare utvikling av området vest for gnr. 34, bnr. 22. Etter kommunen si vurdering er det naturleg at området vest for gnr. 34, bnr. 22, ikkje får vegtilkomst gjennom området som er omfatta av denne reguleringsendringa. Ei framtidig utbygging vest for 34/22 vil generere auka aktivitet, m.a. i form av auka trafikk både av køyrande og syklande/gåande. Kommunen vil gjennom ei ny regulering ta stilling til korleis trafikkavvikling skal løysast.

Omsøkt tiltak er slik Herøy kommune vurderer det stort sett i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Likevel vil ein påpeike, som også vart gjort i planomtalen og i førehandskonferansen at området mellom eksisterande bygg og nytt bygg ikkje skal leggest til rette for parkering. Sjølv om tiltakshavar har funne andre areal for uteopphaldsrom knytt til leilegheitene vil det vere ei betre løysing for utviklinga av området og miljøkvalitetane knytt til dei ulike funksjonane på området/bygget at det vert friareal mellom bygga.

2. Privatrettslege forhold

Eit gjennomgåande tema i merknadane er brudd på sameigevedtektene for alle seksjonane på 34/22. Alle merknadane inneheld temaet som går på avvik ifrå sameigets vedtekter. Herøy kommune, utviklingsavdelinga legg til grunn dei faktiske forhold som vert opplyst i saka. Det mest sentrale spørsmålet for bygningsmyndighetene er kor vidt tiltakshavar har dei privatrettslege forholda i orden.

I følge pbl § 21-6 skal ikkje bygningsmynde ta stilling til privatrettslege forhold ved behandling av byggesaker. Dersom det framstår som klart for bygningsmynde at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar som søknaden forutsetter kan ein avvise søknaden.

Som eit ledd i saksbehandlinga tok Herøy kommune kontakt med Direktoratet for bygg kvalitet (DIBK) for å få deira sitt syn på handsaminga av ei sak, der innslag av privatrettslege spørsmål var/er ein vesentleg del av merknadane til rammeløyvet. DIBK svarte at kommunen skal handsame søknaden om rammeløyve og ikkje ta stilling til dei forholda som er av privatrettsleg karakter. Dette vil kome klart fram i kommunens vurdering av merknadane.

Etter ei samla vurdering av saka kjem Herøy kommune fram til at det i denne saka er ein del komplekse og det ein kan kalle «lause trådar» i dei inngåtte avtalar mellom seksjonseigarane – det finst kjøpsavtalar, bruksrettar, vedtekter mm. Herøy kommune har, som Direktoratet tilrår, ikkje gått inn på desse privatrettslege forholda, men konkluderer likevel med at det i denne saka ikkje er klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege forholda i orden og såleis kan byggesaka handsamast, jf pbl § 21-6.

3. Arealbruken

Arealbruken er i samsvar med reguleringsplan. Det var i tidleg fase presentert eit prosjekt som innebar at dei to nye etasjane primært skulle romme leilegheiter. Tiltakshavar har vurdert ulike bruksformål som forretning, tenesteverksemd og kontor. Bruksføremåla er avhengig av kva marknadsforhold som gjer seg gjeldande ved realisering.

Til bustadføremålet høyrer parkering og utomhus opphaldsareal. Desse føremåla er også føresette å kunne vere dekt opp innanfor området. Arealbruken følger gjeldande plan for området – Herøy kommune som bygningsmynde legg stor vekt på at ein i dette prosjektet skal sikre gode utomhus areal og ein vel difor å sjå på planomtalen og vise til dei signal ein ga til utbyggar på førehandskonferansen. Desse signala gjekk på at arealet mellom dei etablerte lokala til Fosnavåg Rederipark og det nye påbygget, altså takareal over inngangspartiet til Meny(plan 2) ikkje kan nyttast som parkering, men til leik/friareal. I tillegg til å vere utomhus areal vil det bidra til «luft» mellom bygga og såleis også ivareta til dels merknad frå seksjonseigarane.

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3)

Omsøkt arealbruk er i samsvar med plan.

4. Parkering

Det er særskild viktig at ein ved ei slik utbygging sørgjer for at tiltaket har nok parkeringsdekning. I den tidlegare reguleringsprosessen har dette vore tenkt løyst gjennom bruk av areal innanfor det gjeldande planområdet og det vart regulert inn eitt parkeringshus i seksjon nr 5. Dette parkeringshuset er ført opp og deler er tatt i bruk.

Merknadane frå andre involverte partar fokuserer og på parkeringsufordringane og Herøy kommune har bede om utfyllande informasjon frå søkar/tiltakshavar m.a der ein har bede om adresserbare plassar .

Utviklingsavdelinga har som ein del av saksbehandlinga gått gjennom mottatt materiale og har kome til ein konklusjon at parkeringsdekninga ikkje er tilfredstillande og i tråd med reguleringsplanen sin intensjon. Dette inneber at Sjøside Eigedom as ikkje får godkjent dei 13 p-plassane mellom eksisterande bygg og tenkt nybygg på plan 2.

Etter at parkeringshuset vart realisert har tiltakshaver solgt grunnplanet av parkeringshuset til Havblikk eigedom as. Parkering på gatenivå er det Meny som disponerer og på taket av parkeringshuset er det Fosnavåg Rederipark as som disponerer.

Tiltakshavar/søkar legg til grunn at ein manglar 5 parkeringsplasser i prosjektet basert på innlevert søknad. Utviklingsavdelinga har lagt til grunn at prosjektet må ha 55 parkeringsplassar og når ein ikkje får godkjent 13 parkeringsplassar mellom bygga vil ein mangle totalt 18 parkeringsplassar i prosjektet.

Parkeringsbestemmelsane i gjeldande plan og parkeringsvedtektene til Herøy kommune ligg til grunn for utrekningane.

5. Trafikkavvikling

Området ligg sentralt i sentrum og prosjektet vil bidra til ein auke i trafikk. Gjennom planprosessen vart det avklart at ein ikkje har behov for ein ny teknisk infrastruktur, men det vart likevel tatt med i reguleringsføresegnene til planen at det skal på rammeløyve nivå utarbeidast ein ny skiltplan for området, jf §11 bokstav b.

Dette er tiltakshavar sitt ansvar og i forarbeidet til søknad om rammeløyve og i førehandskonferansen har tiltakshavar gjennom ansvarleg søkar kome med ønske/ søkt om at dette kan utsettast til å vere på plass før igangsetjing. Dette har sin årsak i at ein vil prøve salgarheita i prosjektet før ein tek fatt på ein slik skiltplan. Herøy kommune gjennom utviklingsavdelinga har i samråd med anlegg og driftsavdelinga akseptert dette. Ein konkluderer difor med at kommune kan behandle søknad om rammeløyve med eit klart vilkår om at slik skiltplan er opparbeidd og godkjent av vegmynde/anlegg og driftsavdelinga før søknad om igangsetjing vert sett til handsaming.

Herøy kommune sin konkrete vurdering av merknadane – kort summert opp:

Moen Eigedom as:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Rampe/varemottak – den er på plass og vil ikkje verte endra.
- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG(igangsettingsløyve)
- Avvik p-plass – ivaretatt gjennom ny skiltplan og reguleringsplan.

Tor Igesund:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Byggetiltaket vil hindre framtidig byutvikling – ivareatt gjennom ordinære planprosessar.
- Parkeringsrot/seksjonseigarane vil misse sine plassar – det skal ligge føre adresserbare parkeringsplassar i prosjektet og vert ivaretatt gjennom plan og vedtekter.
- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG
- Arkitektur- ansvarleg søkar har gitt ei vurdering av dette i søknad.
- Reduser prosjektet – tiltaket er i samsvar med godkjent plan.

Fosnavåg Rederipark:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Parkeringsrot/seksjonseigarane vil misse sine plassar – det skal ligge føre adresserbare parkeringsplassar i prosjektet og vert ivaretatt gjennom plan og vedtekter.
- Tap av utsikt mellom eks kontor og nybygg – tiltak/utbygging samsvarar med godkjent reguleringsplan og kommunen legg til grunn at område mellom bygga må vere luftig og ikkje nyttast til parkering.
- Rekkverk på p-tak – kommunen vil legge til grunn at naudsynt sikring kjem på plass.
- Oppføring av heishus – kommunen vurderer dette å vere i tråd med planen si utnyttingsgrad og føremål, men der ligg føre privatrettsleg avtalar seier noko om bruken av arealet.
- Mange leilegheiter vs utvikling av meir kontor – kommunen vurderer tiltaket er i samsvar med plan.
- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG(igangsettingsløyve)

Vurdering og Konklusjon:

Med bakgrunn i gjeldande reguleringsplan og samla saksmateriale finn ein saka godt opplyst og i samsvar med pbl § 21-4 og SAK10 § 5-4. Relevante forhold inn mot plan -og bygningslova er belyste gjennom søknaden, merknadane og anna etterspurd dokumentasjon.

Utbygginga vil skje på utbygd tomtegrunn og tiltaket vil tilføre både nye leilegheiter og nye kontorfasilitetar til Fosnavåg sentrum.

Utifrå ei samla vurdering rår rådmannen å gi rammeløyve for omsøkt byggetiltak på vilkår :

- Område mellom eksisterande bygg og nytt bygg kan ikkje nyttast til parkering. Parkering vil her tilsidesette dei formål planen har lagt til grunn. Kommunen vurderer at arealet mellom bygga vil vere viktig for barn og unge og at det vert tilrettelagt som friområde /leik.
- Før igangsetjingsløyve vert gjeve skal det ligge føre ein ny skiltplan som bidreg til betre og ei samla fornuftig trafikkavvikling for området. Skiltplan skal godkjennast av vegmynde/anlegg og driftsavdelinga, samt sendast til regional vegmynde for uttale.
- Tiltaket vil krevje 55 nye p plassar og slik situasjonen er pr i dag er det 36 tilgjengelege. Utbyggar sikre seg nye 18 p plassar før prosjektet kan realiserast i si noverande form.
- Byggeprosjektet må gjennomførast med gode materialvalg og spegle dagens byggeskikk.
- Samanbygging mot eksisterande bygg må gjerast på ein slik måte at det framstår som eit heilskapleg signalbygg i Fosnavåg sentrum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vil gi fleire bueingar, 16 stk og mange nye kontor i sentrum – det er i den samanheng viktig at prosjektet ivaretek forhold inn mot branntryggleik og rømming, samt tilkomst – både for bebuarar, leigetakarar og redningsmannskap.

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 01.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

01



Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

| Kommune | Gnr. | Bnr. | Seksjonsnr. | Adresse |
|-------------------------|------|------|-------------|-------------------------------|
| Herøy i Møre og Romsdal | 34 | 22 | 5 | Tollåsbakken 2, 6090 FOSNAVÅG |

Tiltakets art

Søknadstype
Rammetillatelse

Tiltakstype

Nytt bygg - Boligformål Brannskille i bygg Våtrom i bygg Påbygg Fasadeendring Bruksendring Riving av deler av bygget Nytt anlegg Skilt/reklame mindre enn 6.5 m² - fasade

| Næringsgruppekode | Anleggstype | Bygningstypekode | Formål |
|-----------------------------------|-------------|------------------|---------------------|
| N Forretningsmessig tjenesteyting | andre | 319 | bolig garasje annet |

Beskrivelse av bruk

1.etg. forretning, tenesteverksemd, bustad, kontor og parkering
2.+ 3.etg. bustader

Tiltakshaver

| Partstype | Navn | Adresse | Organisasjonsnummer | Telefon |
|-----------|--------------------|--------------------------------|---------------------|----------|
| foretak | SJØSIDA EIGEDOM AS | Igesundvegen 20, 6090 FOSNAVÅG | 987951338 | 70088639 |

e-postadresse

helge@kvalsvik-elektro.no

Ansvarlig søker

| Navn | Organisasjonsnummer | Adresse | Kontaktperson |
|------------------------------|---------------------|-------------------------|--------------------|
| BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS | 994495585 | Pb. 21, 6067 ULSTEINVIK | Iver-Olaf Grimstad |

| Telefon | Mobiltelefon | e-postadresse |
|----------|--------------|---------------|
| 70309630 | 41233955 | iver@bucci.no |

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall

3

Søkers vurdering av merknader

Merknad nr. 1
Igesund Invest AS
Nordmar Eigedom AS
Igesund AS

Representert ved Tor Igesund

Tor målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Unyttingsgrad, arealbruk m.m.
3. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
4. Trafikkavvikling

Tor målber synspunkt på arkitektur som det er opning for i denne samanheng. Desse synspunkt deler ikkje vi.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Merknad nr. 2

Moen Eiendom AS

Representert ved Jon Robert Moen

Jon Robert målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke. Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
3. Trafikkavvikling

Jon Robert målber synspunkt rundt bruken av parkeringsplass nært opp til hovudinngangen til bustadane, samt utforminga av denne.

Vi minner om at både plassering av hovudinngang og omfanget av bustad-etablering er i direkte samsvar med reguleringsplan med vedtekter.

Den tilpasning vi har gjort for å tydeleggjere dette er minimal, og begrensar seg til ei blomsterkasse. Den er ikkje avgjerande for prosjektet dersom

Administrasjonen meiner den ikkje kan akseptereast, men slik vi ser tilseier alle hensyn til mjuke trafikantar og tilgjenge for rørslehemma at det bør utformast slik.

Vi vil bemerke at den regulerte utforminga av parkeringsplassen skiller seg så lite frå dagens situasjon at ein kan stille spørsmål om den er gjennomtenkt.

Alle kantsteinar og lysmaster med tilhøyrande infrastruktur må gravast opp og gjenetablerast, i tillegg til den ulempe det medfører i byggetida for alle partar.

Vi kan ikkje sjå at vinsten står i rimeleg forhold til tapet i denne samanheng. Vi vil anmode administrasjonen å lempe på dette kravet til ein omforent plan er

Utarbeida. Kapasiteten er om lag uendra, så utbygginga vil ikkje avhenge av ei realisering av parkeringsplassen i.hht. gjeldande reguleringsplan.

Merknad nr. 3

Fosnavåg Rederipark AS

Representert ved Paul Harald Leinebø

Paul Harald målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Parkering på tak mellom bygga
2. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
3. Utnyttingsgrad og etasjeantal (transparans)
4. Eormål
5. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
6. Trafikkavvikling
7. Øvrige sentrumsplanar omtala i Vestlandsnytt

Øvrige merknadar knytt til byggesaka:

tilkomsten til parkeringsarealet på tak, breidde og plassering. Dette er illustrert på ein ideell oppdelt måte på Takplanen. Partane vil når dette er godkjent kunne semjast rundt ei fordeling, samt kvar det skal settast opp gjerder/murar m.m. I utgangspunktet er slike Stengsel unødige og vil berre vanskeleggjere snørydding, avrenning m.m.

Plassering av heis og trapp på taket av parkeringshuset er slik Paul Harald nemner ikkje ein del av eksisterande godkjende rammeløyve for parkeringshuset.

Det er likevel ei forbetring av både rømmingssituasjon i parkeringshuset og ein funksjonalitetsheving som vil lette bruken av parkeringshuset for brukarane

Som trass alt held til i dei to øverste etasjene i bygget. Dette er del av denne søknaden til sjølvstendig handsaming og ligg innanfor reguleringsplanen sine

Rammer både når det gjeld utnytting og formål.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Følgerev

«Sjøsida» er eit prosjekt som i stor grad avspeglar intensjonane i gjeldande reguleringsplan den delen av sentrum som er omfatta. Denne vart utforma med tanke på ei realisering av eit prosjekt som dette. Resuleringsplanen med tilhøyrande føresegner og omtale gjorde greie for korleis prosjektet ville påverke omgjevnadane med tanke på storleik, uttrykk, parkering, trafikk, funksjonar m.m. Vi meiner med dette prosjektet å ha oppfylt desse intensjonane i stor grad. Formålmessig ligg vi innanfor reguleringsplanen. Utformingsmessig har vi gjort største justeringa innanfor 3. etasje av prosjektet: bustad-etasje, og uteoppfallsarealet i tilknytning til det.

Vi har tatt utgangspunkt i kravet til rømmingsvegar både for kontoretasjen og bustadetasjen og plassert rømmingstrapper i kvar sin ende av prosjektet. Mellom desse e det ei kommunikasjonslinje/rømmingsveg vi i kontoretasjen har utforma som eit fellesareal med kantine og overlys, medan vi i bustadetasjen har splitta bygningsmassen i Nord-sør-retning slik at det utvida arealet i mellrommet mellom bygga vil kunne utnyttast til rømming, kommunikasjon og uteoppfallsareal.

Vi meiner dette arealet eignar seg særleg godt til dette av fleire årsaker:

1. Arealet er utvida, ved at det ligg på kvar si side av overlyset til kontoretasjen, og skapar ein distanse mellom huskroppane som gir rom for den halvprivate sona ein gjerne ynskjer utanfor inngangsdøra og soveroma.
2. Arealet har ein utvida del mot nord og mot sør som gir eit fullt ut dekkjande utsikt-/sol-tilbod til alle tider og under alle forhold, same på kvar side av bygget ein i utgangspunktet har kjøpt husvære.
3. Arealet er for ein stor del under tak, noko som gjer det meir anvendeleg under skiftande vertilhøve og dermed inviterar til uteaktivitet.
4. Arealet ligg på same nivå som inngangane til husværa og vil dermed kunne nyttast som nær-leikeplass.
5. Arealet ligg godt skjerma for lyd/lukt frå kai-aktivitet.
6. Arealet ligg godt skjerma for biltrafikk og er dermed trygt.
7. Arealet stimulerar til bruk og vil med si lokalisering medføre sosialt samspel mellom bebuarane.
8. Arealet mellom bygga på kontoretasje-nivået blir dermed fristilt til nærparkeringsplassar for rørslehemma og andre. Dette arealet som var tiltenkt leikeplass manglar mange av dei omtalte kvalitetane eit slikt formål fordrar, og ville i tillegg kunne bli ein vindtunnell...

Prosjektet oppfylgjer slik vi ser det intensjonen om oppdelt bygningsmasse, private rom i mellom bygningskroppane samt MUA til bustadane av god kvalitet.

Når det gjeld kravet til estetikk har vi hatt fylgjande tilnærming:

Den samla bygningsmassen er enorm og samanhengande, særleg på bakkeplan. Den er eigd av andre enn tiltakshavar og fungerer per i dag etter intensjonane. Det synest urealistisk å skulle påføre desse meirkostnader i samband med ei realisering av eit arkitektonisk heilskapsprosjekt. Vi meiner dette heller ikkje er ein nødvendig veg å gå for å oppnå det ein i planomtalen omtalar som heilskap og «signalbygg»-kvalitetar.

For å «bryte ned» skalaen ved den samla bygningsmassen vil vi gå horisontalt til verks i staden for vertikalt. Det vil i større grad la seg forklare ved funksjonen som vedtektene også etterspør. Vi har definert dagens høge 1. etasje (inkl. mezzanin) som ein «sokkel». Vi gjer denne så anonym og allmenngylding som råd ved å male den i same grå, matte farge. På denne sokkelen plasserar vi to «sigar-kasser» i treverk side om side med ei lita lengdeforskyving og ein god avstand. Desse lausriv seg frå sokkelen og «svevar» både på dag- og kveldstid ved at den lett inntrekte kontoretasjen i si heilheit er utforma som ei «mellomleggs-skive», ei foring i glas. Dei to sigarkassene vil då bli blikkfanget i form av si form og sitt materialval, sin storleik og si plassering høgt oppi lufta. Vi legg også til grunn at fleire sentrumsprosjekt i nærrområde vil måtte velje same formålsblanding/-fordeling, og at det ikkje er usannsynleg at materialvalg-kriteria vil vere samanfallande og dermed føre til forsterka heilskap.

Prosjektet omfattar også ei endring av parkeringshuset med omsyn til vidareføring av rømmingstrappa til taket samt innarbeiding av ei heissjakt. Desse er i sin tur knytt til nybygget med eit tak. Vi ser det som ei vesentleg funksjonalitetsforbetring for parkeringshuset både i den daglege bruk og i rømmingssamanheng. Tiltaket vil også gjere bruken meir fleksibel, noko som tener ei sentrumsprosjekt.

Forhåndskonferanse

Forhåndskonferanse er avholdt

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Arbeidstilsynet

Tiltaket berører eksisterende eller fremtidig arbeidsplasser. Samtykke fra Arbeidstilsynet må foreligge før igangsetting av tiltaket.

Fravik fra byggt teknisk forskrift

For tiltak etter pbl § 31-2

Det søkes om fravik fra byggt teknisk forskrift for eksisterende byggverk. Redegjørelse i eget vedlegges.

Arealdisponering

Planstatus mv.

| | |
|-----------------|------------------|
| Type plan | Navn på plan |
| Reguleringsplan | Sjøsida eieendom |

Reguleringsformål
Sentrumsformål

| | |
|---|--|
| Beregningsregel angitt i gjeldende plan | Grad av utnyttning iht. gjeldende plan |
| %BYA | 100% |

Tomtearealet

| | |
|---|------------------------|
| Byggeområde/grunneiendom | 9863,30 m ² |
| - Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler | 0,00 m ² |
| = Beregnet tomteareal | 9863,30 m ² |

Bebyggelsen

| | |
|---|------------------------|
| Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan | 9863,30 m ² |
| Areal eksisterende bebyggelse | 2178,50 m ² |
| - Areal som skal rives | 1,00 m ² |
| + Areal ny bebyggelse | 252,10 m ² |
| + Parkeringsareal | 3853,50 m ² |
| = Sum areal | 6283,10 m ² |

Grad av utnyttning

| | |
|-----------------------------|-------|
| Beregnet grad av utnyttning | 63,70 |
|-----------------------------|-------|

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



| Bygningsopplysninger | m ² BYA | m ² BRA | | | Antall bruksenheter | | |
|----------------------------------|--------------------|--------------------|---------|---------|---------------------|-------|-------|
| | | Bolig | Annet | I alt | Bolig | Annet | I alt |
| Eksisterende | 2178,50 | 0,00 | 2917,10 | 2917,10 | 0 | 3 | 3 |
| Ny | 252,10 | 1673,30 | 2942,90 | 4616,20 | 13 | 2 | 15 |
| Åpne arealer/Enheter som fjernes | 36,30 | 243,30 | 302,40 | 545,70 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 2394,30 | 1430,00 | 5557,60 | 6987,60 | 13 | 5 | 18 |

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 3

| Krav til byggegrunn |
|--|
| <p>Flom Byggverket skal plasseres i flomutsatt område, se vedlegg. Sikkerhetsklasse: F1 (liten konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/20 år)</p> <p>Skred Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område</p> <p>Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1) Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.</p> |

| Tilknytning til veg og ledningsnett |
|--|
| <p>Adkomst Tiltaket gir ikke ny/endret adkomst. Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er gitt.</p> <p>Vannforsyning Tomta er tilknyttet offentlig vannverk</p> <p>Avløp Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.</p> <p>Overvann Takkvann/overvann føres til avløpssystem</p> |

| Løfteinnretninger |
|--|
| <p>Løfteinnretninger Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen Det søkes installert :Heis</p> |

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Vedlegg

| Vedleggstype | Gruppe | Beskrivelse av vedlegget | Hvordan oversendes vedlegget? |
|-------------------------------|--------|--|-------------------------------|
| Kvittering for nabovarsel | C | Gjenpart nabovarsel | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Tor Igesund - epost | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Jon Robert Moen - Epost | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Jon Robert Moen - Moen Eiendom AS | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Jon Robert Moen - Sameie | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Jon Robert Moen - Sameie | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Epost 12 Januar | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Epost 16 Januar | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Artikkel Vestlandsnytt | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Merknad til reguleringsendring | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Sameie avtaler signert | Ettersendes per post |
| Nabomerknader | C | Paul H Leinebø - Særlige bestemmelser i kontrakt | Ettersendes per post |
| Kommentarer til nabomerknader | C | Dette vedlegget finnast i sjølve søknaden | Ettersendes per post |
| Situasjonsplan | D | A01 - sit. plan | Ettersendes per post |
| Tegning ny plan | E | A06 - Plan 0 med garasje | Ettersendes per post |
| Tegning ny plan | E | A07 - Plan 1 med garasje | Ettersendes per post |
| Tegning ny plan | E | A08 - Plan 2 med garasje | Ettersendes per post |
| Tegning ny plan | E | A09 - Plan 3 - opph. areal ute | Ettersendes per post |
| Tegning ny fasade | E | A41 - Fasade | Ettersendes per post |
| Tegning ny fasade | E | A42 - Fasade | Ettersendes per post |

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



| | | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|----------------------|
| Tegning ny snitt | E | A 31 Snitt | Ettersendes per post |
| Organisasjonsplan | G | Bucci Org. plan | Ettersendes per post |
| Søknad om ansvarsrett | G | Bucci Arkitektur & Design AS | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Fullmakt | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Perspektiv | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Opplysningar gitt i nabovarsel | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Referat frå forhandskonferanse | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Boligspesifikasjon | Ettersendes per post |
| Annet | Q | Gjennomføringsplan | Ettersendes per post |

Merknader fra ByggSøk

Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:

Parter - Nabo/gjenboer - Legg til nabo

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 19.01.15

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad



Tiltakshaver

Dato 19.01.15

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad



Iver Olaf Grimstad

Fra: Georg Grimstad <georg@bucci.no>
Sendt: 16. januar 2015 14:28
Til: 'Iver Olaf Grimstad'
Emne: VS: Sjøside Eigedom AS / Førehandskonferanse påbygg over Meny

Fra: postmottak@heroy.kommune.no [mailto:postmottak@heroy.kommune.no]
Sendt: 5. januar 2015 12:29
Til: georg@bucci.no
Kopi: berit.sandvik.skeide@heroy.kommune.no; helge@kvalsvik-elektro.no; jarl@heroy.kommune.no; marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no
Emne: Sjøside Eigedom AS / Førehandskonferanse påbygg over Meny

Referat førehandskonferanse Sjøside eigedom as - 18.12.2014

Herøy Rådhus

Desse møte : Herøy kommune - Eivind Flåskjer og Marie Frøystad Voldsund - byggesak
Berit Sandvik Skeide -plan

Ansvarleg søkar : Georg Grimstad
Tiltakshavar : Helge Kvalsvik + 1

Møte starta med at Georg Grimstad orienterte litt om planane og prosjektet kobla til plan og det miljøet dei vil skape i prosjektet for å få det salgbart.

Vidare vart det diskutert gjennom dei tema Herøy kommune hadde etterspurt meit opplysningar om i brev datert 10.11.2014.

Det blei sagt at utbygger har avtalar knytt til bruk av området - andre i bygget har reagert på planane - utbygger trur ikkje at dei som har inngått desse avtalane heilt veit kva som ligg i dei. Bygget er komplekst med mange brukarar og det er difor svært viktig at det på dette privatrettslege nivået er semje. Komplett byggesøknad må sjølvstøtt nabovarslast på vanleg måte.

Bygget skal vere eit signalbygg - diskusjon kring temaet - kva ligg i det ? Utfordringa ligg i å få med underetg. på ei samla kvalitetsheving på heile bygget slik at det framstår heilskapleg. Bygget vert urban blokkbebyggels i følge Grimstad.

Utvendige støtte på kai for bæring av nytt bygg - desse vert fjerna og bæring vert prosjektert på annan måte.

Liten diskusjon kring dette med 2 rømmingvegar for P -huset - Herøy kommune vil sjekke opp dette i forhold til gitt løyve og brannstrategi for p-huset. I følge dei godkjende teikningane for p-huset viser ikkje noko slik heissjakt .

MUA - viktig at ein følg det som plan tilseier og at uteoppaldarealet er brukande for dei som skal bu i leiligeitene.

Herøy kommune påpeika i møtet fleire ganger viktigheita av å sjå på gjeldande plan og også på planomtalen - utbygger må sette seg godt inn i dette før ein utarbeidar ein søknad - slik at det som er

omsøkt følg planen og dei vilkåra som ligg der.

Parkeringsdekning - tiltaket vil bli i ein slik storleik at det må nyttast frikjøpsordning for fleire p plassar - herøy kommune vil sjekke opp korleis denne verkar. I søknd må det visast til at ein har nok p plassar i forhold til vedtekter.

Søkar har i etterkant av førehandskonferansen spurd om at utarbeiding av skiltplan kon kome på eit seinare stadie enn rammeløyve - feks ved igangsetting. Herøy kommune vil sende denne vidare til anlegg og drift for å få avklart dette spørsmålet.

Mvh Eivind Flåskjer
Utviklingsavdelinga
Herøy Kommune

MOEN EIENDOM AS

Postboks 275

6099 Fosnavåg

12.01.2015

Bucci Arkitektur & design As

Pb 21,

6067 Ulsteinvik

MERKNAD TIL NABOVARSEL

Viser til nabovarsel datert 29.12.14 vedr. Sjøside Eiendom AS.

Sjøside Eiendom AS er en del av Sjøside Sameie som inneholder flere seksjoner med flere eiere. Vil påpeke at Sjøside Eiendom AS ikke har fulgt vedtektene til Sjøside Sameie i denne prosessen. Vedtektene som Sjøside Sameie AS er en del av, er Sameiets lover og beskriver bl.a hvordan denne type prosess skal gjennomføres. (se vedlegg) Mener derfor at Sjøside Eiendom AS begynner i «feil» ende.

Som eier av hovedetasjen (seksjon 6 og 9) i Sjøside Sameie vil vi komme med merknad. Moen Eiendom AS eier i dag rundt 2100kv.eter butikkareal og rundt 1250kv.meter utvendig areal på grunnplan.

Våre leietakere er Meny, Vinmonopolet, Trendy Frisør og Pernilles Clinique AS, som til sammen har ca 260000 kunder i løpet av året. Vi opplever stadig at parkeringsplassen er full og observerer stadig kunder som ikke finner plass og kjører videre. Vinmonopolet har varelevering ved inngangspartiet til senteret.

Videre har vi daglig 3-5 leveranser fordelt over dagen ved vårt varemottak (rampen er ikke innteiknet på teikningen som følger nabovarsel) og innimellom utkjøring av proviant, catering osv. Varelevering skjer ved vareruter og semitrailer, dvs tungtrafikkjøretøy. Vi har siden oppstart og i 9 år hatt økning i antall kunder og med et Fosnavåg i god utvikling er det ingenting som tyder på av dette vil avta men heller fortsette å øke.

Moen eiendom as

I sum betyr dette at området fra før er tungt trafikkert både på framsida og ved varemottak og er i beste fall skeptisk til hvordan ytterligere trafikk skal avhandles når 1750kv meter!! med kontor og 13 leiligheter er planlagt. Trafikkavvikling ved tenkt parkeringshus ved vårt varemottak vil kunne risikere å bli innesperret når varemottak foregår. I tillegg har Sjøside Eigedom AS solgt over 30 parkeringsplasser i «bunkersen» i umiddelbar nærhet til vår hovedinngang på gateplan. Dette er positivt for parkeringsplassen på Vågsplassen men vil føre til enda større belastning på trafikkavviklingen på vår seksjon.

Siden hovedinngang til planlagt kontor ved siden av vår hovedinngang, så vet vi at folk parkerer der det er mest bekvemmelig og parkeringsløsningene som er presentert vil ikke vere relevante i praksis. Det er uakseptabelt og tillates ikke siden dette vil gå utover vår allerede belasta parkeringsplass. Vi har ingen parkeringsplass til overs.

Vi har vore kjent siden Sjøside Sameie ble stiftet at Sjøside Eigedom AS ville komme bebyggelse i størrelseorden 10-15 boenheter over vår seksjon og har vore positive til det men dette er noe helt annet og oppfordrer tiltakshaver å finne tilbake til opprinnelige planer.

Teikning av vår parkeringsplass vedlagt stiller vi oss undrende til da oppmerkede parkeringsplasser på teikning ikke samsvarer med opprinnelig godkjent plan.

Jon Robert Moen

Moen Eiendom AS

2

04

Iver Olaf Grimstad

Fra: Tor Igesund <tor@igesund.as>
Sendt: 12. januar 2015 16:49
Til: iver@bucci.no
Kopi: paul; Jon Robert Moen; Knut Igesund; Roar Igesund; Tor Igesund; helge@kvalsvik-elektro.no; viktor@bta.as; arnstein@heroybris.no
Emne: <uten emne>

Merknad til Sjøside Eigedom sitt prosjekt på gr 34, br 22. "Meny taket".

Jeg representerer:

Igesund Invest As
Nordmar Eigedom As
Igesund As

Formkrava i saka:

Som seksjoneier har vi mottatt planer med frist på 14 dager for uttale. Vi forstår det slik at dette er et nabovarsel i samband med byggesøknaden. Vi kjenner ikke til hvorvidt byggesøknad er innsendt eller ikke. Det hele fremstår litt merkelig, og det er tydelig at sender ikke kjenner til de lover som gjelder i et sameie.

I Sjøside Sameie sine vedtekter § 4, står det:

"Hvor den enkelte eier ønsker å foreta vesentlige bygningsmessige forandringer i sin seksjon, skal dette forelegges et sameiermøte for eventuell avgjørelse. Hvis slik ombygging tillates gjennomført og arbeidet krever bygningsmyndighetenes samtykke, må seksjonseieren selv innhente de nødvendige tillatelser uten omkostninger for de øvrige sameiere og selv koste alt påfølgende arbeid."

| 1515201289 | | 28.11.2013 | Herøy kommunestyre |

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til sjøareal

I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/43, 34/171, 34/324 og vegane Rådhusgata og Tollåsbakken

I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/494 og 34/517

I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/22 og 34/170

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Frittliggjande småhusbusetnad
- Sentrumsføremål (S)
- Kommunalteknisk anlegg (KA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Kai (KAI)
- Parkeringsplass (P)
- Parkeringshus (PH)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Hamneområde i sjø (HA)

Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense/føremålslinje.

b. Innanfor byggeområde kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

- c. I samband med søknad om tiltak innan S-området skal det leggast ved situasjonsplan i målestikk M 1:200, 3D presentasjon med bilde frå viktige retningar i forhold til naboskap og sentrum. Om samla tiltak er føresett gjennomført i ulike byggjetrin, skal presentasjonen vise både planlagt og omsøkt tiltak.

§ 6 – AREALBRUK

I område merka «S» kan det byggjast sentrumsføremål med unntak av hotell og bevertning slik:

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leiligheiter) og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).

I bygning kan vere EI-trafo.

I område merka PH kan byggjast parkeringshus for dekning av parkeringsbehov gjeldande for område S. Parkering på "taket" til parkeringshuset inngår i dekning av parkering for andre tilgrensande bygg.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:

- S - område: maksimum 100 %
- KA - område: maksimum 100 %
- PH - område: maksimum 100 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomte sitt nettoareal. Berre parkering plassert innanfor S-området skal reknast med i grunnlaget for BYA. Parkeringsdekning utanfor området, td i området PH, skal ikkje reknast med. Byggjegrænse følgjer føremålsgrænser.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Som hovudregel skal nyttast flatt tak.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal eller areal som høyrer til same eigarseksjon. Parkering kan dekkjast i nabobygg PH. Krav til tal biloppstillingsplassar følgjer av kommunen si "Vedtekter til plan- og bygningslova § 69 nr. 3 og 4. Gjeldande for denne reguleringsplanen er m.a. at:

- Bygningsdel med forretnings- og kontorfunksjonar på grunnplan (i 1. etg.) skal ha 40 oppstillingsplassar for privatbilar. Parkeringa dekkast på området P med minimum 38 P-plassar. Resterande plassar kan dekkast i parkeringshuset PH.
- bustadeining skal ha 1 bilplass pluss 0,5 bilplass til gjesteparkering. Overstig det samla bustadtalet 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 parkeringsplass frå og med 11. bueining.
- Forretnings- og kontorareal skal ha for 1 bilplass pr. 50 m² golvflate BRA.
- Lager skal ha 1 bilplass pr. 100 m² golvflate BRA

På situasjonsplan skal plassering av parkeringsdekning visast.

2. Frittliggjande småhusbusetnad

Gjeld del av gnr. 34 bnr. 43, ei eksisterande bustadtomt. Dette området er teke med i planen grunna naudsynt areal til frisiktzone til vegane V2/V3.

3. Sentrumsføremål (S)

- a. I område merka S skal bygningar ikkje ha større gesims-/mønehøgde enn kote 15,2 NGO. Heis- og ventilasjonssjakt kan avvike frå maks høgde.
- b. Inngang til 2. og 3. etg. i område S kan etablerast frå grunnplan seksjon 7c under kote 2,69 NGO. Golv skal søkjast lagt så høgt som uteareal tillet ut frå at krav til tilgjengeleg bueining vert tilfredstilt. Eksisterande trapperom skal oppretthaldast, ev tillagt heis. Tilkomst kan også etablerast frå takplanet til PH-området.
- c. Ved søknad om tiltak innanfor bustadføremålet skal det leggjast fram dokumentasjon som viser radonmengda i området. Ev nødvendige kompenserande tiltak skal innarbeidast i byggverket, jf TEK10.
- d. Ved prosjektering av bygning skal støy og ev lukt frå drift på tilgrensande kai område utgreiast og takast omsyn til ved val bygningsmessige og tekniske konstruksjonar. Dette i forhold til bygningsdel sitt bruksføremål.

4. Kommunalteknisk anlegg (KA)

Gjeld eksisterande kloakkpumpestasjon på gnr. 34 bnr. 494.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabo- eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan.
- d. Innafor kvar eigedom må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- e. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- f. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløp gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktilijner.
- g. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal, innan areal for bustaddelen i sentrumsbebyggelse (S-området), opparbeidast/etablerast min. 20 m² areal eigna til lek for born. Utomhusareal/felles leikeplass/opphaldsareal skal etablerast på takterrasse med tilfredstillande støytelhøve. Dette kan etablerast med tilfredstillande avskjerming. Som skjerm kan nyttast glasflate knytt saman med fasade. Som del av søknad om tiltak til bustadføremål skal fasade- og avskjermingstiltaka dokumenterast i h.h.t. til gjeldande krav vedkomande støy i TEK.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr.2)

- a. Vegar og annan veggrunn:
I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 er del av offentleg tilgrensande veg - Holmefjordvegen.

V2 er del av offentleg tilgrensande veg – Rådhusgata/Tollåsbakken.

V3 er privat/felles veg frå V2 til takflate på PH. V3 er også tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon. På annan veggrunn kan etablerast El-kiosk.

- b. Fortau (F):
Det er i planen vist fortausareal mellom parkeringsplass P og tilgrensande veg V1. Fortau er offentleg.
- c. Kai (KAI):
Gjeld privat kai-areal mellom tilgrensande sjøareal og S-området. Kai-området skal ha tilkomst over parkeringsarealet P.
- d. Parkeringsplass (P):
P er privat parkeringsplass (på grunnen) for S-området.
- e. Parkeringshus (PH):
PH er privat parkeringshus. Innomhus kan huset dekke parkeringsbehovet for utbygging på område S. 1. etasje har tilkomst på gateplan frå parkeringsplass P. Tilkomst er vist med avkøyrspil på plankartet. I parkeringshus kan etablerast parkering i 2 etasjar. Tilkomst til slik parkering skal vere frå grunnplanet. På parkeringshuset kan sitt tak vere parkeringsplass og tilkomst til kringliggjande bygningar. Tilkomst til parkeringsplass på taket er frå privat veg V3.

§ 7 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

Hamneområde i sjø (HA)

Område merka "HA" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og i kringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken. HA-området kan nyttast av tilgrensande kaiområde.

Alle tiltak innanfor området kan først skje etter løyve gitt etter "Lov om havner og farvann".

§ 10 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 11 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 26)

- a. Nødvendig opphaldsareal ute, jf leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- b. Tiltakshavar skal utarbeide framlegg til skiltplan for avkøyringsreguleringa i reguleringsplanen i samband med søknad om tiltak vedkomande bygging av 2. og ev.

3. etg. Kommunen skal handsame skiltplanen samstundes med søknad om rammeløyve.

Godkjent i Herøy kommunestyre, 28.11.2013.


Arnulf Goksøyr
Ordfører





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JMM | Arkivsaknr: | 2014/1568 |
| | | Arkiv: | 5/3 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 54/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |

GNR 5 BNR 3 - ODDLAUG TEIGE - FRÅDELING AV TO EKSISTERANDE BUSTADHUS

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, jfr. PBL §§ 19-2 med sikte på frådeling av to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 på vilkår:

1. Det må søkjast om utvida avkjørselsøyve jfr. Statens vegvesen si uttale
2. Det er krav om arkeologisk registrering før anleggsarbeidet på den nye vegen vert iverksett.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at det aktuelle tiltaket er arrondert og tilpassa ei framtidig regulering av område. Ved at dispensasjonen vert gjeven på vilkår vil ein ikkje tilsidesette formålet med plankravet og etter ei samla vurdering vert det vurdert at tiltaket har overvekt med positive fordelar.

Særutskrift:

Oddlaug Teige, postboks 10, 6099 Fosnavåg
Statens vegvesen
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Fylkesmannen i MR
Søre sunnmøre landbrukskontor

Vedlegg:

- 1 Ingen merknader
- 2 Landbruksfagleg uttale til frådelling av 2 bustadar på gnr. 5 bnr. 3
- 3 Utsnitt gardskart gnr. 5 bnr. 3
- 4 Uttale
- 5 Kulturminnefagleg uttale.pdf

Saksopplysningar:

Saka gjeld frådelling av to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 i Herøy kommune.

Planstatus er at området er lagt ut til bustadområde i gjeldande arealplan med plankrav og det er søkt dispensasjon frå plankravet i arealdelen til kommuneplanen.

Dei to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 er tett lokalisert mot FV21 i Herøy. Eigedomane er tenkt å få ny tilkomst nord for husa over eksisterande avkjørsel frå fylkesvegen. Ein ser for seg at denne må samordnast med ei større regulering av byggeområdet som er lagt ut ovanfor husa.

Saka har vore sendt på høyring og følgjande instansar har kome med fråsegn i saka:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal :

Ingen merknad

Møre og Romsdal Fylkeskommune:

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne på tomtene, men traséen for planlagt tilkomst har potensial for funn av busetnadsspor frå forhistorisk tid og mellomalder. Det er tidlegare registrert fleire automatisk freda kulturminne nedanfor Teigevegen.

Kulturminnelova gir ikkje heimel til å krevje ei arkeologisk undersøking knytt til sjølve frådelinga, men vil stille krav om at forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminne blir avklart før utbygging av ny tilkomst. Vi rår til at dette kjem som ein del av framtidig regulering av byggeområdet ovanfor husa. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om arkeologisk registrering før anleggsarbeidet vert iverksett.

Statens vegvesen:

Slik dei to omsøkte husa er plassert - tett inntil fylkesvegen - bør den langsikte og framtidige arealbruken i området fastsettast gjennom reguleringsplan, slik det er lagt opp til i kommuneplanen.

I og med søknaden gjeld to eksisterande hus, finn vi å kunne akseptere at det vert dispensert frå plankravet i kommuneplanen, men tiltak på husa/eigedomane utover frådelling bør vurderast og avklarast gjennom utarbeiding og godkjenning av reguleringsplan for området.

Vi føreset at frådellinga — oppretting av nye grunneigedomar — vert basert på etablering av nye tilkomst i samsvar med opplysningane som ligg føre i brevet av 7.4.15 frå kommunen.

Det må søkjast Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av den aktuelle avkøyrsla frå fylkesvegen til tilkomstvegen, jamfør § 40 i veglova.

Søre sunnmøre landbrukskontor:

Om lag heile eigedomen ligg innafor område som er regulert til bustadføremål med plankrav. Vi har ingen merknad til at dei to bustadhusa vert delt frå utan at det vert sett krav om reguleringsplan.

Når det gjeld ny vegtilkomst så vil vi rå til at den vert avgrensa slik som det er teikna inn på vedlagde gardskart. Ei eventuell fullførig av omsøkte vegtilkomst bør vere del av ein reguleringsplan.

Sjølv om arealet er lagt ut til framtidig bustadføremål er det driveplikt på jordbruksareala etter Jordlova §8 fram til arealet er detaljregulert.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkt bebyggelse som ein søker frådelt ligg i utkanten av planområdet og det vil vere vanskeleg å sjå at ei frådelling kan ha særlege negative konsekvensar for ei framtidig regulering av området. Med omsyn til infrastruktur vil det vere nærliggande å utnytte eksisterande avkjørsel mot gnr 5 bnr 31 med ei vegarm vestover for å sikre god og trygg tilkomst for dei nye parsellane.

Ingen av høyringsinstansane har særskilde merknadar til saka, men det vert lagt inn vilkår som :

- sikrar at det må søkjast om utvida avkjørselsløyve jfr. Statens vegvesen si uttale
- krav om arkeologisk registrering før anleggsarbeidet på den nye vegen vert iverksett.

Fosnavåg, 15.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| | |
|----------------------------|--------------------|
| HERØY KOMMUNE RADMANNEN | |
| Reg nr. | Saksbeh. <i>JB</i> |
| - 8 MAI 2015 | |
| Søk kode P | |
| Søk kode S | |
| nr. | Dok nr. |
| Saks nr. | |

Herøy kommune
Frådeling av to bustader gnr5 bnr3 - Oddlaug Teige
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

| | | | |
|----------------------------------|---------------|------|------------|
| Statens vegvesen Region midt | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Oddlaug Teige v/ John Olav Teige | Teigevegen 71 | 6098 | NERLANDSØY |

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/1568

Arkivkode
5/3

Dato
07.05.2015

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL FRÅDELING AV 2 BUSTADAR PÅ GNR. 5 BNR. 3

Samandrag av saka:

Uttalen gjeld søknad om frådeling av to eksisterande bustadhus og opparbeiding av ny vegtilkomst. Arealet som er søkt frådelt utgjer om lag 1,5 dekar fordelt på 0,5 dekar open jorddekt fastmark og 1 dekar fulldyrka jord. Tiltaket ligg i område som er lagt ut til bustadføremaal med plankrav i kommuneplanen. Det er søkt dispensasjon frå plankravet.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 10,1 dekar der 9,3 dekar er fulldyrka jord og 0,8 dekar er innmarksbeite. Anna areal utgjer 2,3 dekar. Totalt areal på eigedomen er 12,4 dekar.

§ 2 i Jordlova; virkeområdet for lova.

"Føresegnene i §§ 9 og 12 gjeld likevel ikkje for område som:

- a) I reguleringsplan er lagt ut til anna føremål enn landbruk.....*
- b) I bindande arealdel av kommuneplanen er lagt ut til*
 - 1. bebyggelse og anlegg.....*

Det er skal ikkje fattast vedtak i saka etter §§ 9 og 12 i Jordlova.

Vurdering og konklusjon:


Om lag heile eigedomen ligg innafor område som er regulert til bustadføremaal med plankrav. Vi har ingen merknad til at dei to bustadhusa vert delt frå utan at det vert sett krav om reguleringsplan.

Når det gjeld ny vegtilkomst så vil vi rå til at den vert avgrensa slik som det er teikna inn på vedlagde gardskart. Ei eventuell fullførig av omsøkte vegtilkomst bør vere del av ein reguleringsplan.

Sjølv om arealet er lagt ut til framtidig bustadføremål er det driveplikt på jordbruksareala etter Jordlova §8 fram til arealet er detaljregulert.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



0 5 10 15m

Målestokk 1 : 750 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 07.05.2015

GÅRDSKART 1515-5/3
Tilknyttede grunneiendommer:
5/3



Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Skog av særst høg bonitet
- Skog av høg bonitet
- Skog av middels bonitet
- Skog av lav bonitet
- Uproduktiv skog
- Myr
- Åpen jorddekt fastmark
- Åpen grunnlendt fastmark
- Bebyggd, samf, vann, bre
- Ikke klassifisert
- Sum:

AREALTALL (DEKAR)

| | |
|------|------|
| 9.3 | |
| 0.0 | |
| 0.8 | 10.1 |
| 0.0 | |
| 0.0 | |
| 0.0 | |
| 0.0 | |
| 0.4 | 0.4 |
| 0.0 | |
| 1.2 | |
| 0.4 | 1.6 |
| 0.3 | |
| 0.0 | 0.3 |
| 12.4 | 12.4 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser



Statens vegvesen

LWV
B

| | |
|----------------------------|-------------------------|
| HERØY KOMMUNE RADMANNEN | |
| Reg nr. | Saksbehandler <i>AM</i> |
| 20 APR. 2015 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok nr. |
| Kassasjon | |

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/125225-004

Dykkar referanse:
2014/1568

Vår dato:
15.04.2015

Fv 21 - Herøy kommune - Gnr. 5 bnr. 3 - Frådeling av 2 bustadar - Dispensasjon frå plankrav i kommuneplan - Uttale

Viser til brev av 7.4.2015 frå Herøy kommune.

Saka gjeld dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen med sikte på frådeling av to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 i Herøy.

Vi forstår søknaden slik at frådelinga ikkje vil innebere endra bruk av omsøkte hus/eigedomar.

Slik dei to omsøkte husa er plassert – tett inntil fylkesvegen - bør den langsikte og framtidige arealbruken i området fastsettast gjennom reguleringsplan, slik det er lagt opp til i kommuneplanen.

I og med søknaden gjeld to eksisterande hus, finn vi å kunne akseptere at det vert dispensert frå plankravet i kommuneplanen, men tiltak på husa/eigedomane utover frådeling bør vurderast og avklarast gjennom utarbeiding og godkjenning av reguleringsplan for området.

Vi føreset at frådelinga – oppretting av nye grunneigedomar – vert basert på etablering av nye tilkomststar i samsvar med opplysningane som ligg føre i brevet av 7.4.15 frå kommunen. Det må søkjast Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av den aktuelle avkøyrsla frå fylkesvegen til tilkomststvegen, jamfør § 40 i veglova.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for *Gitte Beiermann*
Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|------------------------------|-------------------------------|------------|
| 2014/1568 | 07.04.2015 | 25603/2015/DISPENSASJON/1515 | Kristoffer Dahle, 71 25 89 03 | 15.04.2015 |

Herøy kommune - frådelling av 2 bustader gbnr 5/3 - Oddlaug Teige - dispensasjon frå kommuneplan - kulturminnefagleg uttale


Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne på tomtene, men traséen for planlagt tilkomst har potensial for funn av busetnadsspor frå forhistorisk tid og mellomalder. Det er tidlegare registrert fleire automatisk freda kulturminne nedanfor Teigevegen.

Kulturminnelova gir ikkje heimel til å krevje ei arkeologisk undersøking knytt til sjølve *frådellinga*, men vil stille krav om at forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminne blir avklart før utbygging av ny tilkomst. Vi rår til at dette kjem som ein del av framtidig regulering av byggeområdet ovanfor husa. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om arkeologisk registrering før anleggsarbeidet vert iverksett.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Kristoffer Dahle
arkeolog



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

| | | | | |
|-----------|-------|------------|--------------------|------------|
| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
| 2014/1568 | 5/3 | «REF» | UTV / JMM | 07.04.2015 |

Oddlaug Teige 5/3 Frådeling av 2 bustadar - Dispensasjon frå plankrav i kommuneplan

Saka gjeld frådeling av to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 i Herøy kommune.

Planstatus:

Lagt ut til bustadområde i gjeldande arealplan med plankrav.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Det vert søkt om dispensasjon frå plankravet.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 5 Bnr 3

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Det er søkt om frådeling av to eksisterande bustadhus på gnr 5 bnr 3 og begge husa er tett lokalisert mot FV21 i Herøy. Eigedomane er tenkt å få ny tilkomst nord for husa over eksisterande avkjørsel frå fylkesvegen. Ein ser for seg at denne må samordnast med ei større regulering av byggeområdet som er lagt ut ovanfor husa.

Andre opplysingar om saka:

Det ligg ikkje føre historikk/tidlegare vedtak, dispensasjonar som er gitt i området tidlegare og som kan ha betydning for saka etter det kommunen kjenner til.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Hensyn bak bestemmelse-

Området er lagt ut til bustadområde og tiltaket vil ikkje vere i strid med dette.

Fordelar /ulemp-



Omsøkt bebyggelse som ein søker frådelt ligg i utkanten av planområdet og det vil vere vanskeleg å sjå at ei frådeling kan ha særlege negative konsekvensar for ei framtidig regulering av området. Med omsyn til infrastruktur vil det vere nærliggande å utnytte eksisterande avkjørsel mot gnr 5 bnr 31 med ei vegarm vestover for å sikre god og trygg tilkomst for dei nye parsellane.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **11/5-2015**

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.

Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Google maps, streetview -

https://www.google.no/maps/@62.347607,5.596156,3a,90y,2.7h,73.72t/data=!3m4!1e1!3m2!1s2K7HprH4xQga5_BWfIqk1Q!2e0

Digitalt kart-

http://sunnmørskart.no/Vis/WebInnsyn_Sunnmørskart?funksjon=VisPunkt&x=62,347867593697&y=5,59616609833568&srid=4326&zoom=17&karttype=Grunnkart

Med helsing

Jarl Martin Møller

Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk signert og er utan signatur

6

Oddlaug Teige
Ved John Olav Teige
Teigevegen 71
6098 Nerlandsøy

| | |
|----------------------------|------------------|
| HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. | Saksh. <i>SM</i> |
| 24 MARS 2015 | |
| Ark kode P | |
| Ark kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. |
| Kassasjon | |

Herøy Kommune
Ved Martin Møller

Ref sak om fradeling av boliger – Gnr 3 Bnr 5

Saksnummer Herøy kommune: 2014/1568

Det vises til opprinnelig fremsendt søknad.

Søknad revideres som følger :

Det søkes med dette om fradeling av 2 stk boliger / bygninger fra gnr 5 bnr på Teige/ Nerlandsøy

Dette gjeld :

I Teigeveien 67 bolig – denne eiendom/ bolig søkes fraskilt med 700- 800 kvm tomt

II Teigevegen 65 Bolig – denne eiendom/ bolig søkes fraskilt med 700- 800 kvm tomt

Husa er knytta til HerøyVasslag og har privat septik / kloakk

Det er lagt ved eige kart med mulig vegløsning bak husa , som videre vil være knytt til utvikling av rest av jord-område for bustadsformål.

Med vennlig helsing

Oddlaug Kari Teige

Ved

John Olav Teige

2014/1568



HERØY KOMMUNE
13.11.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet

①

Oddlaug Teige
Postboks 10
6099 Fosnavåg

| | |
|----------------------------|--------------|
| HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. 2014/1568 | Saksbeh. Jm. |
| 10 OKT. 2014 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. |
| Kassasjon | |

Til
Herøy Kommune
6090 Fosnavåg
Att: Møller

Nerlandsøy 10. oktober 2014

SØKNAD OM FRÅDELING AV EIENDOMMER

Det søkes med dette om fradeling av 3 stk boliger / bygninger fra gnr 5 bnr på Teige/ Nerlandsøy

Som det fremgår av tegning gjelder dette:

- I Teigevegen 67 - Bolig – denne eiendom/ bolig søkes fraskilt med ca 800 kvm tomt
- II Teigevegen 65 - Bolig – denne eiendom/ bolig søkes fraskilt med ca 800 kvm tomt
- III Driftsbygning / Låve - Denne eiendom søkes fraskilt med ca 1000 kvm tomt.

Driftsbygning søkes eventuelt fradelt med bruksendring for å kunne gjøres om til bolig / 2 leiligheter. I slikt tilfelle vil eksisterende underetasje /kjeller / sauefjøs) ønskes benyttet til om til garasje – adkomst og parkering av biler. Dette med til og utkøring til bygning via eksisterende avkjørsel / biloppstillingsplass.

Boliger og driftsbygning vil i tilfelle godkjenning av denne søknad rehabiliteres basert på eksisterende arkitektur .

Vedlegg

- Vedlegg A – Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning
- Vedlegg B- Nabovarsel (egen fremsendelse til Vegdirektoratet i Molde
- Vedlegg C - Kartutsnitt med angivelse av eiendommer som angitt i denne søknad

Med vennlig hilsen

Oddlaug Teige

Oddlaug Teige

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |
|------|------|------|----------|--------------------------------------|
| 5 | 3 | | | ODDLAUG TEIGE |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |
| Gnr. | Bnr. | Fnr. | Seksj.nr | Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar): |

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

| | |
|---|---|
| <p>Sakstype I og II (PBL§93)</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <p><input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i>)</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av punktbeste</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</p> <p><input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)</p> | <p>Sakstype III (Matrikellova)</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34) <input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr §31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matnkkelforskr. § 35) |
|---|---|

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

| Parsell nr: | Areal (ca areal) | Formål (bustad, fritid, næring, anna) | Sjølvtendig brukseining | Tilleggsparsell | Tilleggsparsell til gnr/bnr. |
|-------------|------------------|---------------------------------------|-------------------------------------|--------------------------|------------------------------|
| 1 | 800 | m ² BOLIG | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. 5 Bnr. 3 |
| 2 | 800 | m ² BOLIG | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. 5 Bnr. 3 |
| 3 | 1000 | m ² FRITID) ALT. BOLIG | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. 5 Bnr. 3 |
| 4 | | m ² | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 5 | | m ² | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |
| 6 | | m ² | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Gnr. Bnr. |

5. Arealdisponering

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnyttning etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnyttning etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspennet kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðingseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggest ved.

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei
Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei
Privat vassverk: Ja Nei
Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggest ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggest ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

_____ Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggssopplýsingar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato 10.01.14 Rekvisenten sitt namn (med blokkbokstavar)

ODDLAUG TEIGE

Rekvirenten si underskrift

Oddlaug Teige

Adresse TEIGEVÆGEN 71

Postnr/stad 6098 NERLANDSOY

E-postadresse joteige@gmail.com

Telefon 95 78 22 25

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

ODDLAUG TEIGE

Betalar si underskrift

Oddlaug Teige

Postnr/stad


Pb 10, 6099 FOSNAVÅG

| Underskrifter - andre aktuelle parter | |
|--|---|
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |
| Navn | Adresse |
| Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr) | Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt) |
| Sted Dato | Underskrift |

Rettleiing til skjema "Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning"


| | |
|--|---|
| 1. Sakstype – rekvisisjon | |
| I. | Godkjenning etter plan og bygningslova, sjå punkt 3a. |
| II. | Utsetje opprettelse av ny matrikkeleining etter å ha fått løyve etter plan og bygningslova. |
| III. | Godkjenning etter matrikelova, sjå punkt 3b. |
| 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar) | |
| Fyll inn aktuell(e) avgivareigedomar med fullstendig matrikelnummer (gnr/bnr/fnr/snr) og kven som har heimel til grunn. Dersom ein ikkje får plass under pkt 2 kan ein nytte tabell på side 3 "Underskrifter - andre aktuelle parter." | |
| 3a. Søknaden gjeld / 3b.Rekvisisjonen gjeld: | |
| Fyll inn aktuell sakstype søknad/rekvisisjonen gjeld. Dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, frå §1-8 i Plan- og bygningslova vedk. forbod mot byggje- og deleforbodet i 100 metersbeltet langs strandsona og frå gjeldande regulerings- og bebyggelsesplanar med tilhøyrande føresegner. Søkjaren må klarlegge kva det vert søkt om dispensasjon frå og dokumentere at det ligg føre særlege grunnar for at dispensasjon bør gjevast, jfr. PBL §19-2. Eige skjema skal nyttast for å søkje om dispensasjon. | |
| 4. Parsellen(ane) skal nyttast til: | |
| Før opp arealbehov (m ²), formål for parsellen, sjølvstendig eining eller tilleggsareal til eksisterande eigedom. Dersom det er snakk om tilleggsareal skal ein føre opp eigedomen som skal motta tilleggsarealet. | |
| 5. Arealdisponering | |
| Før opp planstatusen for området som er omsøkt, namn på plan, utnyttingsgrad både for ny og restparsell. | |
| 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve. | |
| Søkjjar skal vurdere om det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot rasfare, flaum grunn og miljøtilhøve, jf. Pbl §68. | |
| 7. Avstandar | |
| Dersom det ligg ledningar i luft eller grunn må dette førast opp her. Legg gjerne ved eitt kart der ein har teikna inn ledningane (alle typer, vatn, avløp, kabel, straum osv.) . | |
| 8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43 | |
| Det er eit krav at tomter skal ha lovleg tilkomst jfr. PBL §66. Erklæringar/avtalar som sikrar lovleg tilkomst skal følgje med søknaden. | |
| 9. Vassforsyning/avlaup - jf. pbl §§ 65 og 66 | |
| Ved private enkeltanlegg og private fellesanlegg for avløpsvatn, krev kommunen til vanleg at søknad om utseppsløyve vert fremma samstundes med søknad om frådelling av byggjetomt (jf forureiningslova og Forskrift om begrensning av forurensning.) | |
| 10. Vedlegg | |
| Før opp aktuelle vedlegg, nummerert, her. | |
| 11. Andre opplysningar | |
| Her kan ein føre opp andre aktuelle opplysningar som vil ha betydning for saka. | |
| 12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent | |
| Som hovudregel skal rekvisisjon eller søknad om oppretting/ending av matrikkeleining underskrivast av vedkomande som har grunnboksheimel til eigedomen, dvs står som eigar i grunnboka hos tinglysinga. Det finst ein del spesielle tilfelle der også andre kan vera rekvirent, jf matrikkellova §9. | |
| 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av | |
| Som hovudregel vert faktura sendt til rekvirent. Dersom andre skal få tilsendt faktura for utført arbeid skal det førast her. | |

Situasjonskart, eks.1:



Det kommunale eigedomskartet held god kvalitet og kan nyttast som grunnlag. Her er grensene er kartlagde/ koordinatfesta.

Situasjonskart, eks.2:



Legg ved målsatt skisse med påførte lengder og areal der det kommunale eigedomskartet er mangelfullt.

Ovanfor har ein vist ulike eksempel på situasjonskart som skal ligge ved søknaden. Situasjonskartet skal vere av ein slik kvalitet at det ikkje er tvil om kvar dei nye grensene er meint å gå.

Situasjonskart kan takast ut på www.sunnmorskart.no



Plan og bygninglov, matrikkellov, veglov m.fl finn ein på www.lovdatab.no

På heimesidene til kommunen finn ein fleire aktuelle skjema m.a nabovarsel, gjenpart av nabovarsel.

Gjenpart av nabovarsel

for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

Vedlegg nr.

C-

Kommunens saksnr.

Til :

HERØY KOMMUNE

POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

For oppført eigedom nedanfor er det i henhold til bestemmelsar i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgjande nabovarsel:

Tiltak på eigedomen:

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

Det vert varsla herved om

Søknad om tiltak som krev tillatelse etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

- | | | |
|--|---------------------------------------|---|
| <input type="checkbox"/> Nybygg | <input type="checkbox"/> Anlegg | <input type="checkbox"/> Endring av fasade |
| <input type="checkbox"/> Riving | <input type="checkbox"/> Skilt | <input checked="" type="checkbox"/> Egedomsdeling eller bortfeste |
| <input type="checkbox"/> Innhegning mot vegg | <input type="checkbox"/> Bruksendring | <input type="checkbox"/> Dispensasjonar |

Anna

- beskriv

FRADELING AV 3 STK BYGNINGER

Driftsbygning i landbruket pbl § 81

Dispensasjonar

Mindre byggearbeid

Skilt

Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

Vedlegg

| Beskrivelse av vedlegg | Gruppe | Nr. frå - til | Ikke relevant |
|---------------------------|--------|---------------|--------------------------|
| Dispensasjonssøknader | B | | <input type="checkbox"/> |
| Situasjonsplan | D | VEDLEGG C | <input type="checkbox"/> |
| Fasadeteikningar og snitt | E | | <input type="checkbox"/> |
| Andre vedlegg | J | | <input type="checkbox"/> |

Adresser

- Søknaden er lagt ut på besøksadresse: Ansvarleg søker si postadresse:
- Eventuelle merknader må vere ihende ansvarleg søker innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. (Kopi kan sendes kommune)
- Søknaden kan sjåast hjå kommunen på adresse: Herøy kommune Rådhuset, 6099 Fosnavåg
- Eventuelle merknader må vere ihende kommunen innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.

Underskrift

Stad | Dato | Underskrift (tiltakshavar eller ansvarleg søker)

NERLANDSØY

20. AUG 14

Oddlaug Teige

10. OKT. 2014

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/1 | Eier/Festers navn GJELSETH JANNE ODDVEIG | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 33 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 8/10/14 <i>Terje Gjelseth</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/1 | Eier/Festers navn GJELSETH TERJE JOHN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 33 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. <i>Janne Gjelseth</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/2 | Eier/Festers navn TEIGE PAUL ANFINN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 56 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. <i>Paul Anfinn Teige</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---|--------|--------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/4 | Eier/Festers navn TEIGE TORBJØRN FRODE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse HOLSMYRVEGEN 24 | Postnr | Poststed 6011 ÅLESUND |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 9/10/14 <i>Torbjørn Teige</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---|--------|-------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/5 | Eier/Festers navn TEIGE LARS BJØRN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse GEILESTUBBEN 1 | Postnr | Poststed 6060 HAREID |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 8/10-14 <i>Lars-Bjørn Teige</i> | | |

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: _____

Sign.

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikkelnr 1515 - 5/6 | Eier/Festers navn TEIGE SOLBJØRG JOSEFINE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 83 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 24/9-14 <i>Solbjørg Josefine Teige</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---|--------|--------------------------|
| Matrikkelnr 1515 - 5/13 | Eier/Festers navn HØYDALSVIK JORID PAULINE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse MYRLANDSVEGEN 11 A | Postnr | Poststed 6020 ÅLESUND |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. <i>Jorid Høydalsvik</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---|--------|--------------------------|
| Matrikkelnr 1515 - 5/14 | Eier/Festers navn HØYDALSVIK JORID PAULINE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse MYRLANDSVEGEN 11 A | Postnr | Poststed 6020 ÅLESUND |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. <i>Jorid Høydalsvik</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikkelnr 1515 - 5/15 | Eier/Festers navn KVALSUND SVERRE K | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 62 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 7/10 <i>Sverre Kvalsund</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikkelnr 1515 - 5/16 | Eier/Festers navn TEIGE OLUF JONNY | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 47 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 2/10 <i>Oluf Teige</i> | | |

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: _____

Sign.

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|---|--|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/25 | Eier/Festers navn TEIGE ALF BERNER | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 60 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel | Dato Sign. | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt | <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | | |
| | 29.08.2014 <i>Alf Teige</i> | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|---|--|--------|-----------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/31 | Eier/Festers navn TEIGE ODDLAUG KARI | | |
| Eiendomsadresse | Adresse C/O JOHN OLAV TEIGE, HOFFSVEIEN 1 | Postnr | Poststed 0275 OSLO |
| Personlig kvittering er mottatt varsel | Dato Sign. | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt | <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | | |
| | Oddlaug Teige | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|---|---|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/35 | Eier/Festers navn TORGERSEN JAN TRYGVE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 75 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel | Dato Sign. | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt | <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | | |
| | 09.10.14 Jan Trygve Torgersen | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|---|---|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/35 | Eier/Festers navn TORGERSEN ÅSE KONSTANSE | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 75 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel | Dato Sign. | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt | <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | | |
| | 9/10-14 Åse Konstanse Torgersen | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|---|--|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/48 | Eier/Festers navn FRØYSTAD JOHN DAGFINN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse TEIGEVEGEN 51 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel | Dato Sign. | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt | <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | | |
| | 07.10.14 John Dagfinn Frøystad | | |

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: _____

Sign.

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|---------------------------------------|--------|------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/51 | Eier/Festers navn STATENS VEGVESEN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse Fylkeshuset | Postnr | Poststed 6404 MOLDE |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|------------------------------------|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/58 | Eier/Festers navn HELDE LISA | | |
| Eiendomsadresse | Adresse MJELTHAUGVEGEN 17 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 28/8-14 Lisa Helde | | |

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

| | | | |
|--|--|--------|-----------------------------|
| Matrikelnr 1515 - 5/58 | Eier/Festers navn HOLM CHRISTIAN | | |
| Eiendomsadresse | Adresse MJELTHAUGVEGEN 17 | Postnr | Poststed 6098 NERLANDSØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel <input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket | Dato Sign. 28/8-14 Christian Holm | | |


Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur


Samlet antall sendinger: _____

Sign.

VEDLEGG C



 **HERØY KOMMUNE**
14.08.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|------|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/468 |
| | | Arkiv: | 26/3 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 55/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |

ALEKSANDER LEINE M/FLEIRE - GNR 26, BNR 3, 216 OG 217 BYGNINGSLOVA § 1-8 OG VEGLOVA - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 15/15.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbudet i 100-metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust i rekke, betongbrygge, parkering/snuplass (trekt austover) og tilhørande anlegg på gnr 26, bnr 3, 216 og 217 i Herøy kommune.

Vilkår for dispensasjon:

- Naust skal etablerast i tråd med MTK sine føringar for naust og området skal utformast for fri ferdsel mellom byggetiltaka.
- Veg og snuplass vert trekt austover på tomta
- Vilkår gitt i dispensasjon må følgast opp i forkant av og vidare i byggesaka

Dette vedtaket erstattar vedtak i MTK sak 15/15.

Grunngevinga for dispensasjonen er at den samla utbygginga på omsøkt område er meir konsentrert og bidreg til mindre press på strandsona og ein ivaretek areal for ålmenta. Med visning til at omsynet bak bestemmelsen ein dispenserer frå ikkje er vesentleg sett til side og at fordelane ved ein dispensasjon vert vurdert større enn ulempene kan dispensasjon innvilgast.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, postboks 274, Side 2 av 7

6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jf Plan og Bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Herøy Kommune , anlegg og driftsavdelinga, PB 274, 6099 Fosnavåg

Aleksander Leine m fl , Leine, 6094 Leinøy

Vedlegg:

- 01 - MTK-sak 15/15, 26.02.2015
- 02 - klage nr 1 frå Fylkesmannen, 02.07.2014
- 03 - klage på MTK-sak 15/15 frå Fylkesmannen, 27.03.2015
- 04 - kommentarar frå tiltakshavar på klagen (raud tekst), 07.04.2015
- 05 - enkel illustrasjon av tiltaka, ikkje målsett - nøyaktig plassering/målsetting må kome i ei evt byggesak

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Maritim og teknisk komite vedtok i MTK-sak 15/15 å gi dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, pbl §1-8 og veglova, til det nye reviderte omsøkte tiltaket 4 naust i rekke, båthus, betongbrygge, parkering/snuplass og tilhøyrande anlegg. Dispensasjonsvedtaket hadde følgjande ordlyd:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbudet i 100- metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust i rekke, eitt større naustbygg, betongbrygge, parkering/snuplass og tilhørande anlegg på gnr 26, bnr 3, 216 og 217 i Herøy kommune som vist på skisse datert 07.09.2014.

Vilkår for dispensasjon:

- Naust vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust og at området vert utforma for fri ferdsel mellom byggetiltaka.

- Det større naustbygget (nemning båthus på skisse) skal plasserast på eksisterande steinfylling. Det er ikkje opna opp for at tiltaket kan utformast/etablerast som båtgarasje, flytenaust og liknande.

Grunngjevinga for dispensasjonen ligg i at tiltakshavar har tilpassa seg høringsuttalen og redusert opprinneleg ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

Saka vart på vanleg måte utsendt til alle aktuelle fagorgan/partar med opplysning om klageretten i samsvar med Plan-og bygningslova og Forvaltningslova. Fylkesmannen i Møre og Romsdal klaga på vedtaket med brev av 27.03.2015. Klagen var ei oppretthalding av den klagen dei sende inn ved første gang saka var oppe i MTK og den var grunngjeven.

Søknad og søknadsprosessen:

Saka starta med ein førehandskonferanse med tiltakshavarane den 03.03.2014. Vidare vart tiltaket nabovarsla og omsøkt med komplett dispensasjonssøknad. Søknad gjekk så gjennom ein høringsrunde der den vart sendt til uttale til følgende :

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Herøy Kommune AD
- Statens Vegvesen

Det kom inn uttalar til saka og Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla at dei ville klage på eit evt vedtak om å gi dispensasjon.

MTK fatta eit vedtak i saka, jf MTK-sak 67/14, datert 26.06.2014 og fylkesmannen klaga på vedtaket.

Kommunen orienterte tiltakshavar om dette og tiltakshavar leverte ein revidert søknad der dei tilpassa seg fylkesmannen sine innspel i saka og vektla tiltaket ein meir tilgjengeleg utforming og gjekk vekk frå den omsøkte flytedokken/naustet. Denne reviderte søknaden vart sendt på høring til fylkesmannen på nytt, men fylkesmannen sitt syn er at den nye søknaden ikkje hadde noko vesentlege endringar sett opp imot opprinneleg søknad og opprettholdt sine synspunkt.

Tiltakshavar fekk saka prøvd på nytt i MTK og MTK fatta eit nytt vedtak i MTK , jf MTK-sak 15/15. Tiltaket som no var omsøkt var redusert noko i omfang flytedokk/naust var bytta ut med eit landbasert større naust og utforming av parkering og snumoglegheiter var betre samt at tiltakshavar hadde eit fokus på at området skulle framstå som meir tilgjengeleg for ålmenta.

Vedtaket MTK sak 15/15 vart på nytt påklaga av fylkesmannen.

Klagen:

I brevet frå Fylkesmannen av 27.03.2015 vert det vist til tidlegare behandling av saka og fylkesmannen viser til første klagen som dei no framleis opprettheld.

Ny revidert søknad er lite endra og vert på nytt påklaga i forhold til nedbygging av strandsona. Område er attraktivt for eit ekspanderande bustadområde i nærleiken og det er difor viktig å unngå privatisering i denne strandsona. Fylkesmannen gjorde ny synfaring på staden og utifrå ei ny samla vurdering vel dei å klage på den delen av tiltaket som gjeld oppføring av det store båthuset. Sjølv om dette er redusert i omfang og dei terrengmessige inngrepa redusert, vil plasseringa legge beslag på det mest attraktive område for ålmenta, det område som er tryggast å opphalde seg på og samtidig oppnå sjøkontakt.

Sidan spørsmålet kring storleik på naust ligg hjå KMD til endeleg avgjerd i forhold til kommuneplanens arealdel sine retningslinjer for naust vel dei også å klage på

nauststorleiken - til denne saka er avgjort må det byggast naust med storleik 40 m2 og mønehøgd 5 m.

Kommentar til klagen frå tiltakshavar:

I etterkant av klagen har tiltakshavar kome med ein del kommentarar til klagen. Desse er registrert inn på saka 07.04.2015. Kommentrarane er skreve rett inn i klagebrevet frå Fylkesmannen med raud skrift.

Kort oppsummert:

Dei kjem ei presisering av dette store naustet/båthuset og korleis dette er tenkt oppført og sin funksjon, samt at det kan reverserast.

Dei presiserer at området i dag ikkje er eigna for ålmenta (terrengmessige forhold) og beskriv nok ein gong at tiltak som dei vil sette i verk opnar opp for at det skal vere tilgjengeleg for alle.

Vil legge til rette for eit fritidsmiljø relatert til båtliv og fiske. Brygger og anlegget vil innehalde livbøyer og utstyr som gjer det lett å kome seg opp om ein fell på sjøen.

Vurdering og konklusjon:

Fylkesmannen klaga på vedtaket innanfor 3 veker frå det tidspunkt det kunne forventast at fylkesmannen vart kjend med saka. Dei varsla at dei ville gjennomføre ny synfaring og ba difor om utsett uttal frist og dette vart akseptert. Klagen med tilvisning til ovannemde er innlevert rettidig, jf FVL § 29.

Når det gjeld det tema som fylkesmannen tek opp som grunngeving for klagen så er dette vore kjent gjennom heile handsaminga av dispensasjonssaka. Tiltakshavar har vore kjend med dei forhold og dei nødvendige dispensasjonar som var behov for å få heilt ifrå førehandskonferansen. Saka har soleis vore prøvd fleire gongar. Det høyrer til saka at omsøkt tomteområde er tidlegare dispensasjonshandsama med sikte på å etablere/frådele 2 naustomter frå 26/3. Dette vart handsama så seint som 30.03.2011 – i F-sak 99/11.

Utifrå ei samla heilheitsvurdering, basert på historie i saka og tidlegare føringar samt vilkår for dispensasjonshandheving i plan og bygningslova, rår rådmannen MTK til å endre sitt vedtak 15/15 .

Rådmannen viser til at MTK er kjend med krav som må vere innfridd for å dispensere frå planverket med visning til at omsynet bak bestemmelsen ein dispenserer frå ikkje skal vere sett vesentleg til side og at fordelane ved ein dispensasjon skal vere klart større enn fordelane.

Etter ei ny og samla vurdering rår rådmannen til å gi dispensasjon for deler av søknaden og ber MTK imøtekome fylkesmannen sitt standpunkt om å ikkje godkjenne eit større naust som tiltakshaver ønskjer. Når det gjeld naust i rekkje rår ein til at desse kan oppførast i tråd med tidlegare vedtak og føringar.

Fylkesmannen har gjennom si klage klargjort kva som er viktig å ivareta gjennom pbl §1-8. Tiltakshavar har argumentert for at tiltaket tilfredstiller desse føremåla, men har ikkje vunne fram ovanfor regionale myndigheter. Rådmannen stiller seg bak fylkesmannen sine vurderingar og rår MTK til at dispensasjonen vert avgrensa til å omfatte oppføring av 4 naust i rekke, etablering av betongbrygge og ny veg/snuplass. Rådmannen vil vise til at det vil vere viktig at veg/snuplass vert trekt austover slik at ein ivaretek størst mogleg areal for ålmenta.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 22.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 Molde

| | | | | |
|----------|-------|------------|--------------------|------------|
| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
| 2014/468 | 26/3 | | FEL / HS | 26.02.2015 |

**MTK-SAK 15/15. ALEKSANDER LEINE M/FLEIRE - GNR 26, BNR 3, 216 OG 217
REVIDERT SØKNAD OM OPPFØRING AV BÅTHUS OG NAUST PÅ LEINE -
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL, PLAN OG
BYGNINGSLOVA § 1-8 OG VEGLOVA**

Vedlagt følger MTK-sak 15/15.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 24.02.15 og gjorde slikt vedtak:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbudet i 100- metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust i rekke, eitt større naustbygg, betongbrygge, parkering/snuplass og tilhørende anlegg på gnr 26, bnr 3, 216 og 217 i Herøy kommune som vist på skisse datert 07.09.2014.

Vilkår for dispensasjon:

- Naust vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust og at området vert utforma for fri ferdsel mellom byggetiltaka.
- Det større naustbygget (nemning båthus på skisse) skal plasserast på eksisterande steinfylling. Det er ikkje opna opp for at tiltaket kan utformast/etablerast som båtgarasje, flytenaust og liknande.

Grunngjevinga for dispensasjonen ligg i at tiltakshavar har tilpassa seg høringsuttalen og redusert opprinneleg ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jf Plan og Bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Hilde Bringsvor Skinnes
e.f.

Kopi:

| | | | |
|-------------------------------|-------------|------|---------|
| Møre og Romsdal fylke | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Statens vegvesen Region midt | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | | 6080 | Gurskøy |
| Anlegg og driftsavg. her | | | |
| Aleksander Leine m.fl. | Leine | 6094 | LEINØY |



HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|----------------|------|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/468 |
| | | Arkiv: | 26/3 |

| | | |
|--------------------|---------------------------|-----------------|
| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
| 15/15 | Maritim og teknisk komite | 24.02.2015 |

ALEKSANDER LEINE M/FLEIRE - GNR 26, BNR 3, 216 OG 217.

**REVIDERT SØKNAD OM OPPFØRING AV BÅTHUS OG NAUST PÅ LEINE -
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL, PLAN OG
BYGNINGSLOVA § 1-8 OG VEGLOVA**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbudet i 100- metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust i rekke, eitt større naustbygg, betongbrygge, parkering/snuplass og tilhørande anlegg på gnr 26, bnr 3, 216 og 217 i Herøy kommune som vist på skisse datert 07.09.2014.

Vilkår for dispensasjon:

- Naust vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust og at området vert utforma for fri ferdsel mellom byggetiltaka.
- Det større naustbygget (nemning båthus på skisse) skal plasserast på eksisterande steinfylling. Det er ikkje opna opp for at tiltaket kan utformast/etablerast som båtgarasje, flytenaust og liknande.

Grunngjevinga for dispensasjonen ligg i at tiltakshavar har tilpassa seg høringsuttalen og redusert opprinneleg ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jf Plan og Bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Møtebehandling:

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 24.02.2015

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbudet i 100- metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust i rekke, eitt større naustbygg, betongbrygge, parkering/snuplass og tilhørande anlegg på gnr 26, bnr 3, 216 og 217 i Herøy kommune som vist på skisse datert 07.09.2014.

Vilkår for dispensasjon:

- Naust vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust og at området vert utforma for fri ferdsel mellom byggetiltaka.
- Det større naustbygget (nemning båthus på skisse) skal plasserast på eksisterande steinfylling. Det er ikkje opna opp for at tiltaket kan utformast/etablerast som båtgarasje, flytenaust og liknande.

Grunngjevinga for dispensasjonen ligg i at tiltakshavar har tilpassa seg høringsuttalen og redusert opprinneleg ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jf Plan og Bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Herøy Kommune, anlegg og driftsavdelinga, PB 274, 6099 Fosnavåg
Aleksander Leine m fl, Leine, 6094 Leinøy

Vedlegg:

- 01 - MTK-sak 67/14, 26.06.2014
- 02 - Klage på MTK-sak 67/14, 02.07.2014
- 03 - Førebels svar til søkar, 18.07.2014
- 04 - Revidert søknad, 09.09.2014
- 05 - Ny avgrensa høring vedr revidert søknad, 26.09.2014
- 06 - Ny uttale frå Fylkesmannen i MR, 29.10.2014
- 07 - Skisse opprinneleg søknad, 01.03.2014
- 08 - Skisse ny revidert søknad, 07.09.2014

Saksopplysningar:**Bakgrunn:**

Aleksander Leine med fleire har med brev av 07.03.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, pbl §1-8 og § 29 i veglova med sikte på å etablere eit naustmiljø med 4 naust i rekker, flytedokk, båtopptrekk og marinananlegg på gnr 26 bnr 3, 216 og 217.

Saka vart fremma for maritim og teknisk komite etter full høringsrunde til regionale og lokale instansar.

Det vart fatta eit vedtak i MTK-sak 67/14, 26.06.2014. Dette vedtaket vart påklaga av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf brev datert 02.07.2014.

Tiltakshavarane gjekk så i tenkeboksen. Etter ei stund kom dei med ein revidert søknad for å kome klagen til Fylkesmannen i møte, jf revidert søknad datert 09.09.2014.

Herøy kommune, utviklingsavdeling, sende så denne reviderte søknaden på ny høring til dei som klaga på vedtaket i MTK-sak 67/14 – altså Fylkesmannen i Møre og Romsdal - oversendt 26.09.2014.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kom med ny uttale i saka den 28.10.2014. Der konkluderte dei med at endringane var så små at det ikkje ville endre deira syn i saka og dei opprettheldt såleis klagen og vil dersom Herøy kommune fattar vedtak om dispensasjon vurdere å klage på vedtaket.

Tiltakshavar ønsker med dette å få prøvd saka på nytt i forhold til den reviderte søknad.

Godkjent i MTK-sak 67/14:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust med felles båtopptrekk og flytebryggeanlegg på gnr 26 bnr 216, 217 samt etablering av skjermingstiltak i form av ein flytande konstruksjon på eigedomen gnr 26 bnr 3 i Herøy kommune som vist på kartskisse datert 01.03.14.

Vilkår for etablering av naust er at dei vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, for etablering av flytedokk på eigedomen gnr 26 bnr 3 i Herøy kommune.

Grunngjevinga for avslaget er tidlegare vilkår gitt i sak F-sak 99/11 der restarealet på gnr 26 bnr 3 skulle vere avsett til tilkomst og parkering for nausttomtene gnr 26 bnr 216, 217. Vidare vert avslaget grunngjeve med at det omsøkte tiltaket vil legge uheldige føringar og skape presedens for tilsvarande eigedomar i nærleiken og elles i kommunen.

Jf skisse datert 01.03.2014.

Dette vedtaket vart påklaga av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf vedlegg 02 i denne saka.

Revidert søknad :

Tiltakshavar har sett på argument både frå kommunen og frå fylke og kome til at opprinneleg søknad var noko ambisiøs. Revidert søknad inneheld følgjande endringar:

- Naustrekke vert flytta fram mot sjøkant
- Nausta vil ha ein storleik på breidde 5,0m og lengde 10,0m - mønehøgd 6,5m
- Vil etablere eit båthus – breidde 8,0 m og lengde 18,0 m – mønehøgd 6,5m
- Lite bygg for verkty merka 0 på skisse
- Legge ut betongbrygge med fasilitetar for bygdefolket på Leine
- Betre snu og parkeringsforhold

Jf skisse datert 07.09.2014

Vurdering:

Vilkår for å gi dispensasjon.

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegnar i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Det omsøkte tiltaket er lokalisert mellom fylkesvegen og sjøen like sør vest for bustadfeltet på Leine. Omsøkt område er avsett som LNF-område i kommuneplanens arealdel frå 2004 og ligg innanfor 100-metersbeltet i strandsona og berører i mindre grad reguleringsplan for FV18 Leine-Remøyholm.

Gnr 26 bnr 216 og bnr 217 er frådelt gnr 26 bnr 3 ved ei dispensasjonsak datert 29.03.2011 F-sak 99/11. Føremålet med dispensasjonen var etablering av to nausttomter og det vart gitt desse føringane i vedtaket frå formannskapet:

Tomtene skal avgrensast mot regulert vegareal i reguleringsplanen for FV 18 Leine — Remøyholmen og det er elles eit vilkår at framtidige naust på tomtene skal innordne seg det avgrensa arealet når det gjeld volum og terrengtilpassing og at tomtene skal sikrast naudsynt areal til tilkomst og snuplass på den resterande del av gnr. 26 bnr. 3 nedanfor fylkesvegen.

Ny revidert søknad bidreg på ein heilt anna måte å sikre området for ålmenta. Slik det no vert framstilt vil det vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper, det er sett av meir plass til parkering og snumoglegheiter, sidan naustrekka er flytta fram mot sjøen. Det er ikkje lagt opp til gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Flytedokk/båtgarasje er tatt ut av planen og ein vil i staden bygge eit større naustbygg som kan vere ein samlingsplass for folk tilknytt naustmiljøet. Dette naustbygget skal byggast på land og graden av terrenginngrep vert difor minimal. I tillegg er tenkt plassering av naustbygget lik plassering av eldre sjøbud som no er vekke. Området rundt det større naustbygget og dei mindre nausta vil utformast slik at ålmenta kan nytte seg av det. Søkjar legg vekt på at tiltaket vil bidra til eit miljø for folket som bur på Leine.

Sammendrag av saka.

Arealet vest for 26/217 er avhengig av ein dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanens arealdel for oppføring av naustbygg i tillegg til dispensasjon frå PBL § 1-8 bygging i 100- metersbeltet i strandsona.

Ved frådeling av eigedomane gnr 26 bnr 216 og 217 vart det gitt klare føringar frå formannskapet for etablering av tomtene. Av F-sak 99/11 går det fram at restarealet på 26/3 skulle vere tilkomst/snuplass/p-areal for dei to nausttomtene.

Av nytt teikningsgrunnlaget og revidert søknad ser administrasjonen at det omsøkte tiltaket kan realiserast sett i lys av utnyttingsgrad og avstandar. Slik det no er framstilt

vil det vere betre plass mellom regulert vegareal og naustrekke – det er gode snu – og parkeringsmoglegheiter.

Omsøkt utbygging vert vurdert å vere meir omfattande enn etablering av to nausttomter slik det vart omsøkt ved første søknad og godkjent i F-sak 99/11. Ei etablering som no omsøkt vil likevel ikkje innebere så omfattande inngrep i terrenget - det er lenger ikkje fare for skade på naturmangfaldet, jf naturmangfaldslova §§ 8-12. I høve uttalen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal så har det aktuelle området vore foreslått til område for fritidsbustad i ny arealdel og at det vart reist motsegn til dette. Motsegna var retta inn mot at ein må bevare eit slikt område for allmennheita, unngå privatisering, då ein vurderer området som særleg viktig med tanke på bustadutviklinga på Leine og nærleiken til dette bustadområdet.

I høve uttalen frå Møre og Romsdal fylkeskommune er kommunen prinsippielt samd i at tiltak som inneber store terrenginngrep og som er av ein slik karakter at det kan påverke allmennheita sine tilkomstmoglegheiter og som kan vere i strid med statlege retningslinjer for strandsoneforvaltning bør skje ved ordinært reguleringsarbeid.

Revidert søknad frå tiltakshavarane syner at ein har tatt på alvor dei signal som kommunen og fylket tidlegare har kome med i saka. Søkjar har og uttale frå leiar for grendalaget på Leine der grendalaget er positive tiltaket .

Administrasjonen vil tilrå at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen (PBL §19-2) og byggeforbodet i 100- metersbeltet (PBL § 1-8) med sikte på etablering av nytt naustmiljø med eit større naustbygg, uteareal med gode snu/parkeringstilhøve og eit tilrettelegging av eit område ope for allmenn ferdsel.

Tiltaket vert vurdert som balansert og utviklande samtidig som ein held ved like dei kvalitetane som skal til for at ålmenta kan nytte det. Utsprenging og utfylling er redusert og tiltaket er meir tilpassa dei eksisterande terrengmessige forholda på plassen. Ein vurderer vidare at ei sterkare utnytting av dei to frådelt nausttomtene på gnr 26 bnr 216,217 vil vere i tråd med tidlegare vilkår i F-sak 99/11 der det kan førast opp naust i tråd med MTK sine føringar med omsyn til volum og utsjånad. Eit slikt tiltak er og i tråd med dei føringar som er gjevne i forslaget til ny arealplan.

Konklusjon:

Etablering av felles naustrekke med eit større naustbygg, opptrekk, liten molo og parkeringsareal vert vurdert å ikkje tilsesette omsynet bak plan og føresegner og kan kunne godkjennast. Vilkår er at nausta vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust og at området vert etablert fritt for stengslar og at miljøet opnar opp for fri ferdsel.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 10.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| | |
|------------------|--------------|
| | |
| Reg.nr. 2014/468 | Saksbeh. EFA |
| 7 JULI 2014 | |
| Ark kode P | |
| Ark kode S | |
| J nr. | Dok nr. 12 |
| Kassasjon | |

Herøy kommune. Klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8 for etablering av naust i rekke, båtopptrekk og flytebryggeanlegg gnr26 bnr3 bnr216 bnr217 - Aleksander Leine m.fl.

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak i maritim og teknisk komité i Herøy kommune av 17.06.2014, sak 67/14, der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for etablering av fire naust i rekke, felles båtopptrekk og flytebryggeanlegg på gnr26 bnr216 og 217, samt etablering av flytande skjermingstiltak på gnr26 bnr3. Meldinga vart mottatt 26.06.2014. Fylkesmannen ønskjer å nytte seg av retten til å klage på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Bakgrunn

Herøy kommune sendte over søknad om dispensasjon ved brev av 31.03.2014. Bakgrunnen for søknaden er eit ynskje om å bygge naust på to tidlegare frådelte nausttomter (etableringsdato i matrikkelen 22.12.2011), samt gjenskape den aktiviteten som tidlegare var knytt til familien sitt sjøhus.

Området ligg i strandsona og er sett av til LNF i kommuneplanen.

Fylkesmannen rådde i uttale av 30.04.2014 i frå at det vart gitt dispensasjon som omsøkt, og varsla at det ville vere aktuelt å klage på eit positivt vedtak i saka.

Herøy kommune ved maritim og teknisk komité (MTK) gav i møte den 17.06.2014 dispensasjon for etablering av fire naust i rekke, felles båtopptrekk og flytebryggeanlegg på gnr26 bnr216 og 217, samt etablering av flytande skjermingstiltak på gnr26 bnr3. Det vart sett som vilkår at nausta vert oppført i tråd med maritim og teknisk komité sine føringar for naust, som er dei same som i framlegg til naustføresegner i kommuneplanen sin arealdel, som er under handsaming. Desse føresegnene opnar for naust på 60 m² og mønehøgde 6,5 meter i einskildsaker. Kommunen gav ikkje løyve til etablering av flytedokk med innvendig flytebrygger på gnr26 bnr3.

Natur og miljøverninteresser

Det vart gjennomført synfaring på staden den 10.01.2014 i samband med kommuneplanen sin arealdel. Området er eit avgrensa areal mellom fylkesvegen og sjøen, i umiddelbar nærleik til bustadfeltet på Leine. Terrenget hellar fint ned mot sjøen, der det ligg noko som ser ut til å vere ei utfylt steinbrygge. Arealet er gamal kulturmark, og strandsona består av stein- og rullesteinsfjøre. Rett vest for omsøkt område er der fine berg. Med

unntak av steinfyllinga, er det ikkje bygningar på staden i dag. Området ligg såleis lett tilgjengeleg, og vil vere ein eigna plass for fritidsfiske frå land og anna opphald ved sjøen.

Kommunen si grunngjeving

Maritim og teknisk komité (MTK) grunngjev dispensasjonsvedtaket med at ei sterkare utnytting av dei to frådelte tomtene på gnr26 bnr216 og 217 vil vere i tråd med tidlegare vilkår i F-sak 99/11 på vilkår av at nausta vert ført opp i tråd med MTK sine føringar med omsyn til volum og utsjånad. Kommunen har vurdert tiltaket sine konsekvensar for folkehelse, og påpeiker at området vil kunne privatisere delar av eit rekreasjonsområde i strandsona for nærområdet, men at etablering av felles nausttrekkje med tilhøyrande båtoppbygg, flytebrygger og parkering ikkje set til sides omsynet bak plan og føresegner.

Vurdering

Søknaden er i konflikt med vedtatt arealbruk som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) og byggeforbodet i strandsona. Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Strandlinja i Herøy kommune er under stort press, og det er forventa at kommunen som planmynde sikrar ei god og berekraftig forvaltning av kystsona. *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* skal leggast til grunn ved kommunen si handsaming av dispensasjonssøknader i strandsona. For Herøy kommune gjeld planretningslinja kapittel 6:

«Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven 27. juni 2008 nr. 71 gjelder generelt. I den nye loven er forbudet og bestemmelsene om dispensasjon i kapittel 19 strammet inn. 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Som hovedregel skal byggeforbudet praktiseres strengt og dispensasjoner unngås i sentrale områder der presset på arealene er stort. I slike områder er det viktig at kommunene i arbeidet med helhetlige utviklingsstrategier i kommuneplanen foretar en vurdering av hensynet bak byggeforbudet i strandsonen som kan komme i konflikt med utbyggingsinteresser. Det bør i denne vurderingen kunne vektlegges om hensynet til tilgjengelighet til strandsonen for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende».

I vår fråsegn den 30.04.2014 peikte vi på at søknaden var i strid med fleire at kulepunkta i dei statlege planretningslinjene. Mellom anna, at utbygginga skal lokaliseras til område som er bygd frå før, ta omsyn til ålmenne interesser, og at alternativ plassering skal vurderast og veljast. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei vurdering av søknaden i høve dei statlege planretningslinjene. Kommunen har heller ikkje vurdert tiltaket i høve pbl § 19-2 andre ledd andre punktum, eller etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jfr § 7.

Det er ikkje anna tilgjengeleg strandsona med friluftskvalitetar enn dette arealet nedom busetnaden på Leinc. Fylkesmannen meiner difor at det er viktig å halde dette vesle, grøne området fritt for inngrep og tekniske tiltak. Vi meiner at tiltaka kommunen no har godkjent medfører eit relativt stort arealbeslag i strandsona. Sjølv om det er knytt visse rettar etter friluftsløva til ferdsel inntil naust, vil arealet miste sin verdi som friluftsområde i nærmiljøet på grunn av at byggetiltaka samla sett bygger ned arealet. Vi viser i denne samanhengen til at Fylkesmannen har motsegn til kommuneplanen sin arealdel knytt til privatisering av området, og til storleiken på naust i føresegnene.

Dispensasjonsvedtaket opnar opp for 6,5 meter høge og 60 m² store naust, noko som er langt større enn det Fylkesmannen legg til grunn for denne typen bygg. Tradisjonelle naust har ikkje eiga loftsetasje med raffhøgde. Loftsvolum er ein vesentleg risikofaktor i høve til urettmessig innreiing til varig opphald. Ei viktig rammeavgrensing for naust, som er med på både å sikre byggehøgde og redusere risiko for urettmessig innreiing av loft, er at loftet ikkje skal ha måleverdig areal etter NS3940:2012.

Vidare vil fire store, høge naust med tilhøyrande bølgevern, flytebryggeanlegg og båtopptrekk ha negative landskapsverknader. Naust bygd saman vil bli dominerande og lite landskapstilpassa. Også ein situasjon der ein kvar nausteigar skal ha molo eller kai for skjerming av stø og permanent utlegging av mindre, og helst større båtar, vil vere uhaldbar. Vi vil vise til at det ligg ei større småbåthamn i Leinevika like i nærleiken. Behovet for skjerma båtplass og opplag av større fritidsbåtar må kunne løysast innfor slike felles småbåthamner.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar ut i frå merknadene ovanfor på vedtak i maritim og teknisk komité i Herøy kommune av 17.06.2014 sak 67/14, der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for etablering av fire naust i rekke, felles båtopptrekk og flytebryggeanlegg på gnr26 bnr216 og 217, samt etablering av flytande skjermingstiltak på gnr26 bnr3.

Vi ber om at området vert sikra som bustadnært friluftsområde. Vedtaket må difor etter vårt syn endrast til kun å omfatte godkjenning av to naust knytt til tidlegare godkjent frådeling, der maksimal nauststorleik vert sett til 40 m² BRA og mønehøgde 5 meter.

Vidare saksgang:

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følgje, jf. forvaltningslova §§ 28 og 33, 2.ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| | |
|----------------------------|------------------|
| HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Sak nr. | Saksnr. E 14/468 |
| 31 MARS 2015 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| Fru | Dok.nr. |
| Kategori | |

Herøy kommune
Etablering av naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marinaanlegg
gnr26 bnr3 bnr216 bnr217 - Aleksander Leine m.fl.
Klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i pbl

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak i maritim og teknisk komité i Herøy kommune av 26.02.2015, MTK sak 15/15, der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for etablering av fire naust i rekke kvart på 50 m², eit større naust på 144 m², betongbrygge og parkering/snuplass på gnr26 bnr216 og 217 og bnr 3, gnr216 og 217. Fylkesmannen fekk pr. e-post frå Jarl Martin Møller 17.03 utset klagefrist til 28.03.2015 for å gjennomføre ny synfaring. Synfaring vart gjennomført 24.03.

Fylkesmannen ønskjer å nytte seg av retten til å klage på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Vi vil vise til at Fylkesmannen reiste motsegn til kommuneplanen knytt til storleiken på naust og privatisering av strandsona. Kommunen endra ut frå dette arealet til LNF-område. I brev av 02.07.2014 har vi klaga på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og §1-8 i plan- og bygningslova for etablering av naust, båtgarasje m.v på same arealet. Det som er endra frå førre søknad er at nausta er redusert frå 60 til 50 m², flytedokk /båtgarasje er teke ut og erstatta med eit stort naust.

Kommune si grunngeving

Maritim Teknisk Komité grunnjev dispensasjonsvedtaket med at tiltakshavar har tilpassa seg høyringsuttalen og redusert ein ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

I saksutgreiinga går det fram at det store naustet kan vere ein samlingsplass for folk tilknytt naustmiljøet.

Vurdering

Fylkesmannen kan ikkje sjå at ny og endra søknad er vesentleg endra i høve søknaden som vart påklaga i brev av 02.07.2015 når det gjeld nedbygging av strandsona. Vi meiner

difor vi ikkje treng gjenta all argumentasjonen i denne klaga. Klagen gjald ikkje oppføring av naust på tidlegare frådelt tomter (2 stk på gnr 26 bnr 216 og 217). Området ligg sentralt i eit område med mange bustadhus, der det stadig bli bygd nye hus. Ser ein strandsona under eitt er det i stor grad enten nedbygd frå før med naust, småbåthammer eller at det er lite attraktivt strandsona for friluftsliv. Kommunen legg vekt på at dette skal vere eit område ålmenta kan bruke, men vi er ueinig i at å bygge 5 private naust er med på styrke område med tanke på ålmenn bruk.

Fylkesmannen tok seg tid til ei ny synfaring og har gjort ei ny vurdering ut frå at kommunen endå ein gong einstemmig går inn for bygging av naust på dette arealet. Det mest verdfulle arealet for ferdsle og opphald er neset vest for det omsøkte utbyggingsarealet. Dette området eignar seg mindre for å ta med mindre born grunna at det er berg rett ned i sjøen. Skal ein la dei minste ha trygge omgjevnader og få sjøkontakt må dette gå føre seg der det er meir grunt, og det er aust for neset. Vi meiner difor at dersom ein skal kunne få til eit meir tilrettelagt område for dei som bur i området må det store naustet på 144 m² gå ut.

Fylkesmannen har etter ei ny synfaring kome fram til at vi ikkje vil klage på dei 2 nausta som ikkje frådelt frå før, men at dei ikkje kan vere større enn 40 m². Det kan ut frå dette byggast 4 nye naust. Årsaka til at vi klagar på storleiken er at Fylkesmannen hadde motsegn til kommuneplanen ut frå nauststorleik der kommunen ønska 60 og Fylkesmannen maks 40 m². Saka er av prinsipiell karakter og vil kunne få følgjer for alle kystfylka og ligg no til endeleg avgjerd i Kommunal og Moderniseringsdepartementet. Til denne saka er avgjort og det eventuelt kjem endra rammer for storleik på naust, må kommunen legge til grunn denne nauststorleiken.

Konklusjon

Fylkesmannen klagar med dette på den delen av dispensasjonsvedtaket som gjeld det store naustet på 144 m² og storleiken på dei 4 andre nausta (50 m²). Ut frå dette kan det først opp 4 nye naust på maks 40 m² BRA med mønehøgd 5 meter. Veg og snuplass må trekkast austover slik at det resterande arealet kan vere ålment tilgjengeleg.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klagen til følge, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 33, 2 .ledd, skal saka sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling. Normalt vil saka då bli behandla av settefylkesmann oppnemnd av Kommunal og Moderniseringsdepartementet.

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Søkarane har kommentert med raud skrift. Sjå under.

Herøy kommune

Etablering av naust i rekke, flytedokk, båtøpptrekk og marinaanlegg gnr26 bnr3 bnr216 bnr217 - Aleksander Leine m.fl.

Klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i pbl

Vi har aldri søkt om flytedokk.

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak i maritim og teknisk komité i Herøy kommune av 26.02.2015, MTK sak 15/15, der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for etablering av fire naust i rekke kvart på 50 m², eit større naust på 144 m², betongbrygge og parkering/snuplass på gnr26 bnr216 og 217 og bnr 3, gnr216 og 217. Fylkesmannen fekk pr. e-post frå Jarl Martin Møller 17.03 utset klagefrist til 28.03.2015 for å gjennomføre ny synfaring. Synfaring vart gjennomført 24.03.

Fylkesmannen ønskjer å nytte seg av retten til å klage på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Vi vil vise til at Fylkesmannen reiste motsegn til kommuneplanen knytt til storleiken på naust og privatisering av strandsona. Kommunen endra ut frå dette arealet til LNF-område. I brev av 02.07.2014 har vi klaga på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og §1-8 i plan- og bygningslova for etablering av naust, båtgarasje m.v på same arealet. Det som er endra frå førre søknad er at nausta er redusert frå 60 til 50 m², flytedokk /båtgarasje er teke ut og erstatta med eit stort naust.

Igjen vil vi påpeike at båthuset blir namngjeve som flytedokk og båtgarasje. Dette er namn som søkarane ikkje har brukt, men som gjentekne gongar blir brukt av kommune og fylke.

Det korrekte namnet skal være båthus slik som vi har søkt om frå første dag.

I sakens anledning kan det vere på sin plass å presisere kva som ligg i dei ulike namna: Flytedokk er ei flytande innretning som kan fyllast med vatn og senkast ned slik at båtar kan gå inn. Vatnet kan pumpast ut og dokka flyt opp slik at båtane står tørt.

Flytenaust er som namnet seier eit naust som flyt på sjøen.

Vi er uroa over at det skal være slik forvirring om desse omgrepa, og håper at dette ikkje har vore med å påverka utfallet i saka.

Det kan sjå ut som om vi ikkje har beskrive det omsøkte båthuset tilstrekkelig. Huset er tenkt bygt på steinfyllinga og skal ikkje flyte. Men, vi har tenkt at det skal plasserast ei flytebrygge inne i huset. Vi ser ikkje at det skal ha særleg betydning for omgjevnadane om det er fast golv i båthuset, eller om det går sjø inn. Tanken er at fleire båtar kan være inne samstundes, og at det skal være enklare å jobbe med båtane når dei er i hus.

Frå utsida vil båthuset sjå likt ut, same kva som er inni. Dersom nokon ein gong i framtida finn ut at båthuset skal rivast, ja så kan ein fylle att holet med stein, og det vil være ei steinfylling, og sjå ut akkurat som i dag. Ei reversering vil altså vere mogleg, og ønsket om å unngå store naturinngrep vil derfor vere ivareteke.

Kommune si grunngjeving

Maritim Teknisk Komitè grunngjev dispensasjonsvedtaket med at tiltakshavar har tilpassa seg høyringsuttalen og redusert ein ambisiøs plan til eit naustmiljø som kan vere for alle og som ikkje vil gjere så store inngrep i terrenget. Vidare vil tiltaket no også ivareta nok areal til snu og parkering for naustmiljøet sitt behov.

I saksutgreiinga går det fram at det store naustet kan vere ein samlingsplass for folk tilknytt naustmiljøet.

Vurdering

Fylkesmannen kan ikkje sjå at ny og endra søknad er vesentleg endra i høve søknaden som vart påklaga i brev av 02.07.2015 når det gjeld nedbygging av strandsona. Vi meiner difor vi ikkje treng gjenta all argumentasjonen i denne klaga. Klagen gjald ikkje oppføring av naust på tidlegare frådelt tomter (2 stk på gnr 26 bnr 216 og 217). Området ligg sentralt i eit område med mange bustadhus, der det stadig bli bygd nye hus. Ser ein strandsona under eitt er det i stor grad enten nedbygd frå før med naust, småbåthamner eller at det er lite attraktivt strandsona for friluftsliv. Kommunen legg vekt på at dette skal vere eit område ålmenta kan bruke, men vi er ueinig i at å bygge 5 private naust er med på styrke område med tanke på ålmenn bruk.

Vi forventar at alle parter no har sett korleis dette området er. Vår påstand er at plassen slik som den er no, ikkje er særleg attraktiv for ålmenta. Verkelegheita er at knapt nokon set sin fot her, området «gror igjen» og ligg til spott og spe for alle. Sjøbua som tidligare stod her var både stor og høg, og med vinde i toppen på andre etasje. Når veret var dårleg hivde dei båtane opp med vinda, og drog dei inn på budagolvet. I andre etasje var fiskevegn og reiskap. Det var tre greinar av Leineslekta som åtte buda og området var langt meir attraktivt og besøkt enn slik det framstår no. Det er dette vi ynskjer å gjenskape.

Vi må nok erkjenne at vi heller ikkje har greitt å beskrive tydeleg nok at vi ynskjer å opne for ålmenta. Anlegget har følgande element til fritt bruk for alle:

- Båtopptrekk
- Fiskeplass
- Sløyebenk
- Badeplass
- Grill- og koseplass
- 12 – 15 parkeringsplasser

Alt dette i samarbeid med grendalaget, og som stiller seg positive til tiltaket. Vi er sosiale menneskjer som ynskjer å skape eit miljø der folk kan være ilag og samtidig ta vare på dei tradisjonar som har gjort at vår kommune er blant dei fremste i fiske og sjøfart. Ei slik utvikling kjem ikkje av seg sjølv, og vi må aktivt gjere noko for å få komande generasjonar ut av stuer og dataspel og om bord i båten. Vi påstår at eit slikt miljø vi ynskjer å skape vil utvikle samhaldet mellom generasjonane og medverke til kunnskapsoverføring. Mang ei ramsalt historie frå «gamlekarane» har fått ungdommen til å føle dragning mot sjølivet og framande hamner. Dette er kjekt for dei som fortel, og kjekt for dei som lyttar, og nødvendig for å bygge vidare på våre maritime tradisjonar.

Største ankepunktet vårt er at båthuset er for smalt, men vi har valt å redusere breidda for å prøve å få gjennomslag for bygging. Det burde vore minst 10m breitt. Tenk berre utpå vinteren når hobbyfiskaren byrjar å tenkje på å vøle opp igjen båten sin og gjere klart til torskefisket. Vile det ikkje då vore greitt å ta den i hus, uavhengig av ver og vind, gjere det som gjerast skal og sleppe nestemann inn? Dette tilbodet manglar i dag. Er det verkeleg meininga at ei fiskerikommune som Herøy ikkje får lov å legge til rette for slike tiltak til sine innbyggjarar?

Fylkesmannen tok seg tid til ei ny synfaring og har gjort ei ny vurdering ut frå at kommunen endå ein gong einstemmig går inn for bygging av naust på dette arealet. Det mest verdfulle arealet for ferdsle og opphald er neset vest for det omsøkte utbyggingsarealet. Dette området eignar seg mindre for å ta med mindre born grunna at det er berg rett ned i sjøen. Skal ein la dei minste ha trygge omgjevnader og få sjøkontakt må dette gå føre seg der det er meir grunt, og det er aust for neset. Vi meiner difor at dersom ein skal kunne få til eit meir tilrettelagt område for dei som bur i området må det store naustet på 144 m² gå ut.

Vi er einige med Fylkesmannen om at det mest verdfulle arealet for ferdsle og opphald er neset vest for det omsøkte utbyggingsarealet.

Vi kan derimot ikkje med vår beste vilje forstå at det er ein trygg og god plass for dei minste å opphalde seg der vi søkjer om å sette opp eit båthus. Her er ei steinfylling, delvis anlagt som ei kai, og like innanfor er kun steinar og tare, ikkje er der grunt heller, og slett ikkje eigna for små barn og få sjøkontakt. Då vil vi mykje heller sende dei borna inn på sanden lenger inne i Leinevika. Her er langgrunt og tilrettelagt for slik aktivitet. Vår tanke med badeplass er å gi eit tilbod til dei som er symjedyktige og som likar å stupe og hoppe frå berg og flytebrygge. Så langt vi kjenner til er det ikkje mange slike plassar i Leinebygda, om nokon i det heile. Det vert difor litt rart for oss at motargumentet er at vi ikkje kan tilby trygge omgjevnader for dei minste borna. Slik vi tenkjer anlegget må dei minste borna være ilag med vaksne og ha på flytevest. Slik regelen er på alle båt plassar og på stadar der det er djupt vatn.

Våre flytebryggjer blir utstyrt med leider som gjer det lett å kome seg opp av vatnet om nokon ufrivillig har hamna i sjøen. Vi vil også plassere livbøyer på staden.

Fylkesmannen har etter ei ny synfaring kome fram til at vi ikkje vil klage på dei 2 nausta som ikkje frådelt frå før, men at dei ikkje kan vere større enn 40 m². Det kan ut frå dette byggast 4 nye naust. Årsaka til at vi klagar på storleiken er at Fylkesmannen hadde motsegn til kommuneplanen ut frå nauststorleik der kommunen ønska 60 og

Fylkesmannen maks 40 m². Saka er av prinsipiell karakter og vil kunne få følgjer for alle kystfylka og ligg no til endeleg avgjerd i Kommunal og Moderniseringsdepartementet. Til denne saka er avgjort og det eventuelt kjem endra rammer for storleik på naust, må kommunen legge til grunn denne nauststorleiken.

Vi er framleis på linje med kommunen om at nausta bør være slik som omsøkt. Men, gjerne eit breiare båthus.

Konklusjon

Fylkesmannen klagar med dette på den delen av dispensasjonsvedtaket som gjeld det store naustet på 144 m² og storleiken på dei 4 andre nausta (50 m²). Ut frå dette kan det først opp 4 nye naust på maks 40 m² BRA med mønehøgde 5 meter. Veg og snuplass må trekkast austover slik at det resterande arealet kan vere ålment tilgjengeleg.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klagen til følge, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 33, 2 .ledd, skal saka sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling. Normalt vil saka då bli behandla av settefylkesmann oppnemnd av Kommunal og Moderniseringsdepartementet.

Det er vårt største ønske at våre argumenter skal føre fram, og at MTK held fast på sitt syn, aller helst også opnar for eit breiare båthus. Sjølv sagt håper vi også at settefylkesmannen vil behandle saka positivt for oss.


Rigmor Brøste (e.f.)
ass. Fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
Fagsjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Illustrasjon / ikke målsett

Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/948 |
| | | Arkiv: | D11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 56/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |

SØKNAD OM AUKE I GODTGJERSLE FOR KJØP AV VEDLIKEHALDSTENESTER FRÅ MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG.

Tilråding frå rådmannen:

1. Maritim og teknisk komite finn ikkje grunn til kjøp av fleire tenester frå idrettslaget enn dei som er beskrevne i gjeldande avtale.
2. Idrettslaget sin søknad vert ikkje imøtekomen.

Særutskrift: Anlegg- og driftsavdelinga

- Vedlegg:**
1. Kopi av gjeldande avtale mellom Moltustranda idrettslag og Herøy kommune om vedlikehald av grasbana ved Munkvoll stadion
 2. Kopi av søknad frå idrettslaget

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i dag avtale med Moltustranda idrettslag (MIL) om kjøp av tenester i høve vedlikehald av grasbana på Moltu (jfr. vedlegg nr.1).

Avtalen er skriven med bakgrunn i F-sak 87/04. Formålet er å få eit meir brukartilpassa vedlikehald av grasbana på Munkvoll stadion i høve til brukarane sine behov/bruk. MIL har i medhald av denne avtalen tilsyn med grasbana og leverer tenester som klipping, gjødsling, ettersåing, mindre reparasjoner av grasoverflata samt rydding. For dei leverte tenestene betalte Herøy kommune i 2014 kr. 34.600,-

MIL søker i brev/e-post av 11.06.2014 om at betalinga for dei leverte tenestene vert auka til kr. 70.000,- pr. år (jfr. vedlegg nr. 2). Idrettslaget viser i søknaden til at ein i tillegg til grasbana også har vedlikehald av grusbane. Det vert også peika på andre behov som t.d. oppgradering av løpebaner m.v.

Avtalen ein har med MIL gjeld utelukkande grasbana. Grusbana er ikkje del av avtalen. Kommunen har avtaler om kjøp av vedlikehaldstenester også frå dei andre idrettslaga. BIL (Bergsøy idrettslag, fotball) leverer tenester som vedkjem Havila stadion og Bergsøy kunstgrasbane for kr 150.000,- pr. år. Vedlikehaldstenester som vedkjem kunstgrasbanene i Tjørnvåg og på Leikong vert kjøpt frå desse laga for henholdsvis kr 75.000,- og 60.000,- pr. år. Kommunen har ikkje betalt for desse laga sine grusbaneer.

Grasbana på Moltu er i dag lite nytta då den grunna mangelfulle dreneringstilhøve ikkje tåler belastning som strekker seg over tid. Bana er såleis i sterkt behov av ei oppgradering og renovering for å kunne nyttast fullt ut.

Vurdering og konklusjon:

Avtalen kommunen har med MIL gjeld utelukkande for grasbana. Dei øvrige behova som idrettslaget peikar på i søknaden, er ikkje med i avtalen.

Ein ser ikkje at det pr. dato er aktuelt for Herøy kommune å kjøpe fleire tenester enn dei som er regulert i gjeldande avtale.

Ein auke i godtgjersla for dei kjøpte tenestene utover det som dagens avtale tilseier, vil medføre behov for auka midlar.

I medhald av ovannemnde og etter samla vurdering finn ein å gje slikt framlegg til tilråding:

1. Maritim og teknisk komite finn ikkje grunn til kjøp av fleire tenester frå idrettslaget enn dei som er beskrevne i gjeldande avtale.
2. Idrettslaget sin søknad vert ikkje imøtekommen.

Fosnavåg, 04.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Vedlegg nr. ①

| | |
|---------------|------|
| HERØY KOMMUNE | |
| Dokumentnr. | |
| 86/04 | FRG |
| 28 JUN 2006 | |
| Ansatt | C 20 |
| Ansatt nr. | E 46 |
| Stav | 4 |
| Funksjon | |

AVTALE

mellom

Moldtustranda IL

og

Herøy kommune (HK) v/ Anleggs- og driftsavdelinga

om

Vedlikehald av grasbana ved Munkvoll stadion

1. ANSVAR/ FORMÅL

Denne avtalen er skriven med bakgrunn i F-sak 87/04 av 29.04.04.

Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga har eit overordna ansvar for drift og vedlikehald av Munkvoll stadion på Moldtustranda.

Formålet med avtalen er å få eit meir brukartilpassa vedlikehald av grasbana ved Munkvoll stadion tilpassa brukarane sine behov/ bruk.

2. OMFANG

Moldtustranda idrettslag har etter denne avtalen følgjande vedlikehaldsoppgåver for grasbana ved Munkvoll stadion:

- Tilsyn
- Klipping
- Gjødsling
- Ettersåing
- Mindre reparasjonar av grasoverflata
- Diverse rydding etter eigne kampar m.v.

HK har etter denne avtalen følgjande oppgåver:

- Overordna tilsyn med Munkvoll stadion.
- Levere naudsynte mengder gjødsling, grasfrø, sand, torv m.v til reparasjon av grasoverflata.
- Større vedlikehaldsarbeid , evt. I samarbeid med/ dugnad frå Moldtustranda IL

Andre oppgåver kan vere aktuelle etter nærmare avtale mellom partane.

3. VARIGHEIT

Avtalen gjeld som ei prøveordning for sesongen 2004 og skal evaluerast av partane ved sesongslutt. Er partane samde om at ordninga fungerer tilfredsstillande, vert ordninga vidareført fram til ein av partane skriftleg seier opp avtalen med 1 månads varsel.

4. GODTGJERSLE TIL MOLDTUSTRANDA IL

På grunnlag av kommunen sine normale gjennomsnittlege årlege kostnader med vedlikehald av grasbana ved Munkvoll stadion vert godtgjersla til Moldtustranda IL sine oppgåver etter denne avtalen sett til kr 30.000,- i 2004. Ved eventuell vidareføring av avtalen vert den årlege godtgjersla justert i tråd med justeringa av tenesta / budsjettposten.

Godtgjersla vert utbetalt i 2 like store deler pr. 01.07 og 01.10. (For 2004 vert summen utbetalt i sin heilheit når avtalen er godkjent og underteikna av partane)

Moldtustranda IL sender oppmoding om utbetaling til HK seinast 14 dagar før utbetaling skal finne stad. Av oppmodinga må det gå fram kven beløpet skal utbetalast til samt kontonummer.

5. ANSVARLEGE KONTAKTPERSONAR

Følgjande er ansvarlege for at bestemmelsane i denne avtalen vert følgde:

Moldtustranda IL: Formann

Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga: Driftskoordinator

For den praktiske gjennomføringa av avtalen er følgjande kontaktpersonar utpeikt:

Moldtustranda IL:

for 2004

- *Per-Ann Killaastøl* : *Foe 85237 - 40092343*
- *Cyrtin Hummerodd* :

HK:

- Formann Nils Djupvik : 70089309 / 91338341

Ved endring av ansvarlege eller kontaktpersonar pliktar kvar av partane og varsle kvarandre snarast råd.

Fosnavåg, *11.06.04*

Jon Rune Våg

For Herøy KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG

Per-Ann Killaastøl

For Moldtustranda IL

Hi!de Skinnes

Emne: VS: Vedlikehold av grasbana på Munkvoll stadion. Vedkomande godtgjersla for kjøp av desse tenestene.

Fra: Maron Sandvik [mailto:msandvik@gjerde.com]

Sendt: 11. juni 2014 09:30

Til: Jan Reidar Gjerde

Emne: SV: Vedlikehold av grasbana på Munkvoll stadion. Vedkomande godtgjersla for kjøp av desse tenestene.

Hei,

Søknad om auke i vedlikeholdsgodtgjersle frå Herøy Kommune (HK) til Moltustranda IL (MIL)

Med tanke på den støtta som kommunen yter pr.dd, ser vi at midlane ikkje strekk til, vi har i dag kr 34600.- for vedlikehold av 2 baner, Gras og grus.

Vi har store utfordringar spesielt med grasbana, den har siste år knappast blitt brukt p.g.a fukt, dette gjer at vi har måtta investert i ny traktor for å kunne tilføre nokk sand og bruk av anna verktøy for lufting/pigging, gjødsling og o.s.b. Vi ser også at reiskapshuset er klart for renovering, nytt skilt gjerde og løpebana treng nytt dekke!! Generelt utbetre ute område rundt bana, Grus bana treng nytt dekke i tillegg til nye grøfter rundt for å holde overflatevantet vekk.

Som dykk forstår så er der masse økonomiske utfordringar for MIL!! I dag så må MIL bruke masse midlar av det som skulle gå til idretten for å vedlikeholde et meget slitt og lite anvendefleg anlegg, så derfor søker vi hermed HK om å få auka den årlige vedlikeholdsgodtgjerslen frå kr34600.- til kr 70000.- pr år.

Håper på ei positivsvar !!

Med Vennleg Helsing
Moltustranda IL




Maron Sandvik

+47 9181938

mil.hovud@gmail.com

General sponsor:



| | |
|--|----------------------|
|  HERØY KOMMUNE RADMANNEN | |
| Hog nr. 2014/948 | Saksbehandler JKG |
| 11 JUNI 2014 | |
| Årk kode P | |
| Årk kode S | |
| J. nr. | Dok. nr. |
| Kassasjon | |



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/1172 |
| | | Arkiv: | Q05 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 57/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |
| | Kommunestyret | 25.06.2015 |

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014 - OBJEKT 51406. ØKONOMISK AVSLUTTING.

Tilråding frå rådmannen:

1. Maritim og teknisk komite tek saka til vitande.
2. Mindreforbruket på 88.370 kroner har vorte brukt til finansiering av andre investeringsprosjekt.

Særutskrift: Økonomiavdelinga

- Vedlegg:** 1. Kopi av saksprotokoll, MTK-sak 88/14
2. Kopi av «Asfaltering av grusvegar 2014. Prioritering av strekningar»

Saksopplysningar:

Ved handsaminga av budsjettet for 2014 vart det løyvd 1.000.000 kroner til asfaltering av grusvegar.

I MTK-sak 88/14 vedtok Maritim og teknisk komite slik prioritering:

1. Jøsokbakken, Gurskøy 950 m
2. Lisjebøvegen (Lunåsen) 170 m

Kostnadene med asfaltering av nemnde strekningar fordeler seg slik nedanforståande oppsett viser.

| Strekning | Lengde | Forarbeid Eks. mva. | Asfaltdekke Eks. mva. | Type asfalt | Mengde | Sum kostn. eks. mva. |
|---------------------------|--------|------------------------|--------------------------|----------------|--------|-------------------------|
| Jøsokbakken | 950 m | 414.703,- | 366.911,- | Agb 11 | 421 t | 781.614,- |
| Lisjebøvegen (Lunåsen) | 170 m | 23.545,- | 106.471,- | Agb 11 | 122 t | 130.016,- |
| | | | | | | 911.630,- |

Løyving 2014: 1.000.000,-
Forbruk: 911.630,-
Mindreforbruk: **88.370,-**

Vurdering og konklusjon:

Asfaltering av dei to vegstrekningane har ført til mindre drift- og vedlikehaldsutgifter.

Fosnavåg, 26.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/1172 |
| | | Arkiv: | Q05 |

| Utvaksaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 88/14 | Maritim og teknisk komite | 26.08.2014 |

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014. PRIORITERING/BRUK AV MIDLAR.**Tilråding frå rådmannen:**

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusvegar 2014. Prioritering av strekningar».
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering vert nytta slik det framgår av denne lista.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 26.08.2014

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusveggar 2014. Prioritering av strekningar».
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering vert nytta slik det framgår av denne lista.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdelinga v/ Jan Reidar Gjerde

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014. PRIORITERING AV STREKNINGAR

| Vegstrekning | Lengde | Kostnad |
|------------------------|--------|----------------------|
| Jøsokbakken | 950 m | Kr 875.000,- |
| Lisjebøvegen (Lunåsen) | 170m | « 125.000,- |
| Sum | | « 1.000.000,- |

15.07.2014



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/1173 |
| | | Arkiv: | Q05 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|---------------------------|-----------------|
| 58/15 | Maritim og teknisk komite | 16.06.2015 |
| | Kommunestyret | 25.06.2015 |

**REASFALTERING AV KOMMUNALE VEGAR 2014 - OBJEKT 51407.
ØKONOMISK AVSLUTNING.**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite tek bruken av midlar til reasfaltering i 2014 til vitande.

Særutskrift: Økonomiavdelinga

Vedlegg: Kopi av saksprotokoll, MTK-sak 100/14

Bakgrunn

I K-sak 73/14 – Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2013 – vart det vedteke å gje ei ekstraløyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar på kr 1.000.000,- eks. meirverdiavgift. Denne saka gir oversikt over korleis midlane har vorte nytta.

Saksopplysningar:

I Maritim og teknisk komite (MTK-sak 100/14) vart det vedteke slik prioritering så langt midlane måtte rekke:

1. Dragsundvegen 400 m
2. Kvithaugsmyra-Toftestøvegen 560 m
3. Mjølstadneset 500 m
4. Lisjebøvegen 200 m
5. Flatelapping Bergslivegen

Kostnadene med reasfaltering 2014 fordeler seg slik det framgår av følgjande oppsett:

| Strekning | Lengde | Klebing | Kostnad dekke | Type asfalt | Antall tonn | Sum kostnad (eks mva.) |
|-----------------------------|--------|-------------|---------------|-------------|-------------|------------------------|
| Dragsundvn. | 400 m | Kr 10.800,- | Kr 170.040,- | Agb 11 | 195 | Kr 180.840,- |
| Kvithaugsmyra-Toftestøvegen | 560 m | « 18.600,- | « 316.205,- | Agb 11 | 363 | « 334.805,- |
| Mjølstadneset | 500 m | « 29.992,- | « 562.560,- | Agb 16 | 653 | « 592.552,- |
| Flatelapping Bergslivegen | | « 9.000,- | « 150.577,- | Agb 11 | 173 | « 159.577,- |
| | | | | | | Kr 1.267.774,- |

Løyving reasfaltering 2014: kr 1.000.000,- (eks mva.)
Forbruk i.h.h.t. oppsett: « 1.267.774,- «
Meirforbruk: **Kr 267.774,-**

Meirforbruket på kr 267.774,- er dekket inn ved bruk av driftsmidlar vegvedlikehald 2014.

Vurdering og konklusjon:

Reasfalteringa har medført mindre drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Fosnavåg, 08.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/1173 |
| | | Arkiv: | Q05 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------|------------|
| 89/14 | Maritim og teknisk komite | 26.08.2014 |
| 100/14 | Maritim og teknisk komite | 23.09.2014 |

REASFALTERING AV KOMMUNALE VEGAR 2014. PRIORITERING/BRUK AV LØYVDE MIDLAR.

Møtebehandling:

Komiteen og anlegg- og driftsleiaren var før handsaming av saka på synfaring på desse vegstrekka:

Dragsundvegen, Djupvigvegen, Kleppeåsen, Mjølstadneset og Kvithaugsmyra/
Toftestøvegen.

Anlegg- og driftsleiaren møtte og orienterte.

Komiteen kom framlegg om slike endringar i tilrådinga frå rådmannen:

Pkt. 1 i rådmannen si tilråding går ut.

Nytt pkt. 1:

Fylgjande strekningar vert prioritert så langt midlane rekk:

Dragsundvegen 400 m

Kvithaugsmyra-Toftestøvegen 560 m

Mjølstadneset 500 m

Lisjebøvegen 200 m

Flatlapping Bergslivegen.

Løyvingane er kr. 1.000.000.-

Komiteen kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

2. MTK ber om at administrasjonen legg fram ei sak for økonomisk handsaming: «Kleppeåsen – dekkfornyning/oppgradering» for budsjettarbeid mot 2015.

Røysting – det vart røysta punktvis.

Rådmannen si tilråding fall mot 7 røyster.

MTK si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 23.09.2014

1. Fylgjande strekningar vert prioritert så langt midlane rekk:

Dragsundvegen 400 m
Kvithaugsmyra-Toftestøvegen 560 m
Mjølstadneset 500 m
Lisjebøvegen 200 m
Flatlapping Bergslivegen.

Løyvingane er kr. 1.000.000.-

2. MTK ber om at administrasjonen legg fram ei sak for økonomisk handsaming: |«Kleppeåsen – dekkfornyning/oppgradering» for budsjettarbeid mot 2015.

Møtebehandling:

Saka vert utsett til neste møte.

Tilråding frå rådmannen:

3. MTK godkjenner oppsett liste «Prioritering for reasfaltering 2014»
4. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til reasfaltering vert nytta slik det framgår av denne lista så langt midlane rekker.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdeling v/ Jan Reidar Gjerde

Delegerte saker frå avdelingane

DS 155/15 Per Svenning Madsen - 26/100 - Overbygg veranda/garasje 29.05.2015 00:00:00

Per Svenning Madsen

DS 156/15 Herøy Vasslag SA 34/417 - Løyve til tiltak 18.05.2015 00:00:00

Aurvoll og Furesund AS

DS 157/15 Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 -

Igangsettingsløyve ny einebustad 18.05.2015 00:00:00 Tema Vest as

DS 158/15 Herøy kommune- 23/21 og 26 - Deponi og steinuttak 08.05.2015

00:00:00 Herøy Kommune - anlegg-og driftsavdelinga

DS 159/15 Dina Voldsund Djupvik 14/31 - Løyve til oppføring av tilbygg

24.04.2015 00:00:00 Dina Voldsund Djupvik

DS 160/15 Jetmund Runde - 9/117 - Løyve til utvendig fasadeendring

20.04.2015 00:00:00 Jetmund Runde

DS 161/15 Herøy kommune 37/394 - Endring av tidlegare løyve 29.05.2015

00:00:00 Per Mulvik AS

DS 162/15 Knut Peter Sævik og Maria Isabell Abeltun 26/235 - Løyve til

oppføring av bustadhus 22.05.2015 00:00:00 Sunnmørshus AS

DS 163/15 Jakob Rangvald Kopperstad -3/5 - Tilbygg/garasje 22.04.2015

00:00:00 Jakob Rangvald Kopperstad

DS 164/15 Herøy kommune - 37/506 - Riving av løde 06.05.2015 00:00:00

Aurvoll og Furesund as

DS 165/15 Julie A. Kvalsund og Ole M.Furø - 4/51 - Tilbygg 15.04.2015

00:00:00 Bygg og System as

DS 166/15 Mellombels bruksløyve - 12/319 seksjon B 08.05.2015 00:00:00

Bygg og System as

DS 167/15 Runde Bryggelag 9/1 m. fleire Frådeling av naust/sjøhustomt

22.04.2015 00:00:00 Paul K. Jacobsen

DS 168/15 Gnr 20 Bnr 5 - Arnfinn Frøystad - deling av grunneigedom til

bustadføremål 07.05.2015 00:00:00 Arnfinn Frøystad

DS 169/15 Mellombels bruksløyve - 60/32 08.05.2015 00:00:00 Ørsta

Byggservice as

DS 170/15 Vidar Myklebust - 36/79 - Garasje 18.05.2015 00:00:00 Bølandet

Byggv/Erling Sæter

DS 171/15 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Løyve til

oppføring av bustadhus 29.04.2015 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 172/15 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til bruksendring fra lager

til kantine 08.06.2015 00:00:00 Bygg & System Eigedom

DS 173/15 John Magne Johannesen - 34/259 og 154 - IG 3 Tekninske fag

22.04.2015 00:00:00 Prosjektbygg as

DS 174/15 Trond Vegard Myrvågnes - 28/1 - Altan 29.05.2015 00:00:00 Trond

Vegard Myrvågnes

DS 175/15 Tømrer Prosjekt as - 31/161 - Del av gangveg 04.05.2015

00:00:00 Tømrer Service as

DS 176/15 Gnr 59 Bnr 4 - Frådeling av bustadtomter 15.05.2015 00:00:00

Øivind Iversen

DS 177/15 Gnr 54 Bnr 80 - Frådeling av nausttomt 06.05.2015 00:00:00

Andreas Klungsøyr

DS 178/15 Anita Nevstad og Bjarne Hildre 45/155 - Rammeløyve oppføring av

bustad og igangsetjingsløyve for grunnarbeid 08.05.2015 00:00:00 Enerbygg

Bolig AS m.fl.

DS 179/15 Anett Skorpen Tarberg 62/2 - Løyve til oppføring av fritidsbustad

07.05.2015 00:00:00 Sundli Plan

DS 180/15 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 -

Igangsetjingsløyve for sanitærinstallasjon samt tømrerarbeid og

ventilasjonsarbeid 08.06.2015 00:00:00 BYGGENHEIM AS

DS 181/15 Trond Tellefsen 36/40 - Mellombels bruksløyve 30.04.2015

00:00:00 Trond Tellefsen

DS 182/15 Herøy kommune 37/ - Løyve til tiltak 27.04.2015 00:00:00 Aurvoll

og Furesund AS

DS 183/15 Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad 22.04.2015 00:00:00 Tema

Vest as

DS 184/15 Boguslaw Lopuszynski 34/401 - Løyve til oppføring av nytt tak

05.06.2015 00:00:00 Boguslaw Lopuszynski

DS 185/15 Ferdigattest - 34/50 - bod 29.05.2015 00:00:00 Saad Abdul Amir

Khalil

DS 186/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Igangsetjingsløyve for riving og

grunnarbeid 26.05.2015 00:00:00 Hedalm Anebyhus AS

DS 187/15 Geir Tjervåg 53/1 - Endring av løyve til tiltak 11.05.2015 00:00:00

Kvadratbygg AS

DS 188/15 Gnr 23 Bnr 37 - Frådeling av næringstomt 06.05.2015 00:00:00

Herøy kommune

DS 189/15 Gnr 34 Bnr 165,166,185 og 509 - Frådeling av grunn til

barnehageformål 15.05.2015 00:00:00 Bergsøy IL

DS 190/15 Ferdigattest - 37/237 - tilbygg/skråtak 29.05.2015 00:00:00

Dagfinn Nilsen

DS 191/15 Mellombels bruksløyve - 28/5 - seksjon nr 1 20.05.2015 00:00:00

Enerbygg Bolig as

DS 192/15 Roy Endre Håvik 44/69 - Løyve til oppføring av garasje med bod

05.06.2015 00:00:00 Roy Endre Håvik

DS 193/15 Ferdigattest skilt - 34/124 22.04.2015 00:00:00 Brand Factory
Norge as avd Øsfold

DS 194/15 Gnr 31 bnr 161 - Frådeling av veggrunn 07.05.2015 00:00:00
Tømrer Service AS

DS 195/15 Ferdigattest - 34/504 seksjon nr 1 og 2 18.05.2015 00:00:00
Tømrer Service as

DS 196/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Rammeløyve for oppføring av
bustadhus 13.05.2015 00:00:00 Hedalm Anebyhus AS

DS 197/15 Jarleif Igesund - 31/7 - Gangveg 06.05.2015 00:00:00 Jarleif
Igesund

DS 198/15 Nils Arne Eide - 20/54 - Tilbygg 06.05.2015 00:00:00 Nils Arne
Eide

DS 199/15 Gnr 34 Bnr 1 - Frådeling av grunn til utbyggingsformål 15.05.2015
00:00:00 Bergsøy Idrettslag v/Hallvard Ulfstein

DS 200/15 Peter Frøystad 60/143 - Ferdigattest for rehabilitering skorstein
28.04.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 201/15 Gnr 37 Bnr 139 og 119 Frådeling av areal til offentlig formål
04.06.2015 00:00:00 Herøy kommune

DS 202/15 Gnr 26 Bnr 9 Ragnar Per Leine -Frådeling av grunn 22.04.2015
00:00:00 Ragnar Per Leine

DS 203/15 Bygg og System AS 23/47 - Mellombels bruksløyve 24.04.2015
00:00:00 Bygg & System AS

DS 204/15 May Therese og Frank Rogne - 24/90 - Løyve til endring
24.04.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 205/15 Arnstein Båtsvik 83/113 - Løyve til oppføring av naust 22.04.2015


00:00:00 Arnstein Båtsvik

DS 206/15 Kari og Johnny Storøy 17/38 - Løyve til oppføring av tilbygg og
garasje 20.04.2015 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 207/15 Gnr 35 Bnr 122 - Frådeling av bustadtomt 06.05.2015 00:00:00
Herøy kommune

Referatsaker

Referatsaker



Grunneigarar, naboar, offen
mynde, lag og organisasjon:

Saksnr
2014/1043

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
29.05.2015

MELDING OM GODKJENT PLAN - REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN

Kommunestyret gjorde i møte 28.05.2015, K-sak 63/15, vedtak om å godkjenne reguleringsendring for deler av gnr. 55, bnr. 19 i Trolldalen.

Reguleringsplanen legg til rette for ei endring av eit område regulert til forretning. Området blir omregulert til konsentrert bustadformål og leikeplass. Meir informasjon går fram av plandokumenta.

Vedtatt reguleringsplan er bindande for alle nye tiltak eller utvidingar av eksisterande tiltak som vist til i pbl. § 12-4, jf. § 1-6, innanfor planområde. Krav om innløyasing eller erstatning etter pbl. §§ 15-2 og 15-3, må være framlagt seinast 3 år etter denne kunngjeringa. Slike krav skal rettes til kommunen.

Grunneigarar, naboar og offentlege myndigheiter og dei som blir berørt, får informasjon om vedtaket i eige brev. .

Dokumenta som er knytta til vedtak er tilgjengeleg elektronisk på www.heroy.kommune.no . Du finn også dokument i papirformat i Servicetorget (1.etasje på Herøy Rådhus)

Kommunestyret sitt vedtak etter forvaltningslova og kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre -3- veker frå denne kunngjeringa. Klagen, som må vere grunngjeven, skal sendast til: *Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, eller til postmottak@heroy.kommune.no*

Frist for å klage på vedtaket er sett til **26.06.2015.**

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar







Grunneigarar, naboar, offentlege instansar, lag og organisasjonar

Saksnr
2013/552

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
04.05.2015

MELDING OM VEDTAK - GODKJENT REGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG FV 10 MOLTUSTRANDA

Kommunestyret gjorde i møte 30.04.2015, K-sak 44/15, vedtak om å godkjenne reguleringsplanen for gang- og sykkelveg langs deler av FV 10 på Moltustranda.

Reguleringsplanen legg til rette for nytt fortau og utviding av køyrebana for deler av fylkesveg 10. Det er i planen også vist forslag til ny og framtidig veglinje for Nygjerdevegen. Meir informasjon går fram av plandokumenta.

Vedtatt reguleringsplan er bindande for alle nye tiltak eller utvidingar av eksisterande tiltak som vist til i pbl. § 12-4, jf. § 1-6, innanfor planområde. Krav om innløyasing eller erstatning etter pbl. §§ 15-2 og 15-3, må være framlagt seinast 3 år etter denne kunngjeringa. Slike krav skal rettes til kommunen.

Grunneigarar, naboar og offentlege myndigheiter og dei som blir berørt, får informasjon om vedtaket i eige brev. .

Dokumenta som er knytta til vedtak er tilgjengeleg elektronisk på www.heroy.kommune.no . Du finn også dokument i papirformat i Servicetorget (1.etasje på Herøy Rådhus) og eigen perm på Coop Marknad Moltu.

Kommunestyret sitt vedtak etter forvaltningslova og kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre -3- veker frå denne kunngjeringa. Klagen, som må vere grunngeven, skal sendast til: *Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, eller til postmottak@heroy.kommune.no*

Frist for å klage på vedtaket er sett til **29.05.2015**.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar